


Strategisk plan for Hallingdal 1998 - 2001



Forord

16.02.96 vedtok Regionrådet for Hallingdal å arbeide fram ein strategisk plan for Hallingdal. Grunngevinga var:

- Det regionale samarbeidet treng eit felles fundament.
- Ein strategisk plan kan gje grunnlag for betre utnytting av ressursar.
- Eit plandokument kan vere med å ta vare på og utvikle næringslivet.
- Eit planarbeid kan gje ansvars- og rolleavklaringar, kan utløyse økonomiske verkemiddel og skape engasjement og forståing for regionalt samarbeid.

Med omgrepet strategisk meiner ein i plansamheng at dokumentet er målretta og omfattar nokre innsatsområde. Planen skal med andre ord ikkje vere altomfattande.

Planprosessen har i seg sjølv vore eit viktig tiltak. Innhaldet i strategisk plan for Hallingdal byggjer m.a på følgjande arbeid:

- Brukarundersøking gjennomført vinteren 1996.
- Kartlegging/samtalerunde med ca. 60 personar frå Hallingdal v/Rådgivergruppen plan og næring.
- Arbeid i plangrupper innan næringsutvikling, samferdsel, utdanning, kultur, utmarksforvaltning og samordning og utnytting av kommunale ressursar og kompetanse.
- Plangrupperarbeid innan innsatsområda næringsutvikling, kompetanse, profilering/informasjon og regional organisering.
- Eit oppstartseminar og eit arbeidsmøte med representantar frå næringslivet.
- Hallingdal treng ungdom med tru på framtida - eit kompetansemøte.

Statlege- og fylkeskommunale plandokument, t.d. Reiselivsplan for Buskerud og St meld nr 31 Om distrikts- og regionalpolitikken, har hatt verknad på utforminga av planen.

Plandokumentet har ikkje status som fylkesdelplan, men utdrag vil bli nytta i arbeidet med strategisk næringsplan for Buskerud. Strategisk næringsplan for Buskerud byggjer på 4 regionvise prosessar. Strategisk plan for Hallingdal er ein breiare prosess fordi det femner om meir enn berre næringsutvikling. Viktige tiltak i strategisk plan for Hallingdal med næringsinteresse, blir regionen sine innspel til strategisk næringsplan for Buskerud.

Regionplan for Hallingdal frå 1973 var eit svært omfattande planverktøy der det heiter i innleiinga:

“Planlegging er eit hjelpemiddel til å nå ei ønskt utvikling. Samfunnet er stadig under endring, og føresetnadene for planen kan difor i stor monn bli endra. Regionplanen må difor ikkje bli oppfatta som eit statisk dokument, men som eit dokument som, når det blir aktuelt, blir teke opp til revisjon.”

Strategisk plan for Hallingdal er derimot bygd opp på ein annan måte med avgrensingar innan utvalde innsatsområde.

Strategisk plan for Hallingdal er difor ikkje ein revisjon av Regionplan frå 1973.

Hovudmålsetjinga frå 1973 står likevel fast og byggjer bru mellom dei to plandokument.

Arbeidsutvalet i regionrådet, dei seks ordførarane i Hallingdal, har saman med ein representant frå Buskerud fylkeskommune, vore styringsgruppe i planprosessen.

Dagleg leiar for Regionrådet Knut Arne Gurigard har vore prosjektleiar og Eldgrim H. Springgard har vore engasjert som prosjektmedarbeidar og skrivar.

Styringsgruppe:

Arne Skogheim, Hol kommune, leiar

Ingvard Solberg, Ål kommune

Jan Halvard Brekko, Gol kommune

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Audun Aasheim, Nes kommune

Hans Bekken, Flå kommune

Hanne Wendt, Buskerud fylkeskommune, regionalutviklingsetaten

Styringsgruppa takkar prosjektleiaren og skrivaren for framifrå arbeid med planen

Hallingdal 1998

Arne Skogheim, Hol kommune, leiar

Hans Bekken, Flå kommune

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Audun Aasheim, Nes kommune

Ingvard Solberg, Ål kommune

Jan Halvard Brekko, Gol kommune

Hanne Wendt, Buskerud fylkeskommune

Innhold

1	Generell del	
1.1	Oppbygging av planen	s. 4
1.2	Kort om regionen	s. 5
2	Hallingdal inn i nytt årtusen	
2.1	Natur, kultur og menneske	s. 6
2.2	Hovudmålsetjing	s. 7
3	Tal, trendar og utvikling	
3.1	Folketalutvikling og alderssamansetnad	s. 8
3.2	Utdanning	s. 10
3.3	Sysselsetjing og arbeidsløyse	s. 11
3.4	Pendling	s. 12
3.5	Trendar og utvikling	s. 13
4	Regional lokalisering	
4.1	Situasjonen i Hallingdal	s. 15
4.2	Handelsanalyse	s. 16
4.3	Mål og vegval	s. 17
5	Fire innsatsområde	
5.1	Næringsutvikling	s. 19
5.2	Kompetanse	s. 20
5.3	Informasjon/profilering	s. 21
5.4	Regional organisering	s. 21
5.5	Regional vegvisar	s. 22
6	Frå ord til handling	
6.1	Samordna verkemiddelbruk	s. 24
6.2	Rullering og evaluering	s. 24

Tiltaksplan:

Konkrete tiltak	s. 25
Økonomisk oversikt og framlegg til kostnadsdeling	s. 47

Vedlegg 1:	Tiltaksplan – oversikt
Vedlegg 2:	Aktuelle tiltak i strategisk næringsplan for Buskerud fylke

1. Generell del

1.1 Oppbygging av planen

Strategisk plan for Hallingdal skal vere med å gje innspel til ei ynskt utvikling, og på den måten vere eit arbeidsdokument for planleggjarar, politikarar, administrasjonar - og for folk flest.

Generell del opnar med ei hovudmålsetjing og grunnprinsipp for regionalt arbeid.

Tal, trendar og utviklinga i nær framtid skisserer eit bilete av situasjonen og gir eit bakteppe for dei utvalde innsatsområda. Kvart innsatsområde har formulerte delmål.

I offentleg planarbeid er målstyring god latin. Med bakgrunn i situasjonsanalyser, statistikkar og forskning blir framtidskartet teikna. Planleggjarar og politikarar definerer mål og vel strategiar for å nå måla. Strategisk plan for Hallingdal er bygd opp etter ein slik planmal. Men det er også viktig for brukarane av planen å vera klar over at felles målstyring for ein region som Hallingdal har klare avgrensingar.

Målstyring krev ei felles plattform og klare kommandolinjer mellom mål, strategi og verkemiddelbruk, for å nå definerte mål.

Ei politisk gruppering kan setje politiske mål tufta på ideologi, ei bedrift kan vedta produksjonsmål og iverksetje tiltak, og eit kommunestyre har den lokalpolitiske styringsretten og kan fylje opp vedtekne mål med løyvingar.

I desse døma kan målstyring fungere som eit effektivt planverktøy fordi det er snakk om innarbeidd og nokolunde einsarta gruppering, verksemd eller politisk institusjon, med handlerom og med midlar til å gjennomføre nødvendige tiltak, for å nå eit definert mål.

Hallingdal har seks kommunar med seks kommunestyre som i stor grad set kommunen før regionen. Regionen har ingen felles politisk tradisjon, eller ein administrasjon til å samordne ressursbruken.

Regionnivået manglar ofte midlar til å setje i verk tiltak, og det er ikkje aktuell politikk å utvikle Regionrådet til å bli eit 4. forvaltningsnivå med mynde og midlar.

Næringslivet i dalen er heller ikkje samd i eit og alt. Ofte er dei konkurrentar i same marknaden. Bortsett frå primærnæringa har det vore liten tradisjon for samarbeid, og ulike aktørar legg svært ulikt innhald i ulike målformuleringar.

Difor er det i generell del, pkt. 5.5, teke med ei oppsummering av allmenn semje . Denne har vakse fram gjennom planprosessen, og dei er essensen av det folk flest meiner bør vera prioriterte regionale oppgåver innanfor dei utvalde innsatsområda.

Å lytte til samanfallande meiningar er avgjerande for å kunne realisere ein strategisk plan som denne. Dei blir vegvisarane i den regionale utviklinga.


Generell del avsluttar med å peike på at regionalt forpliktande økonomisamarbeid og samordna verkemiddelbruk, vil gje størst utteljing for regionen.

Tiltaksplanen er konkret med tiltak som skal gjennomførast i ein fireårsperiode.

Kvart enkelt tiltak har rot i eit av delmåla og gjennomføring av tiltak vil vera å omsetje felles meining til synlege tiltak.

1.2 Kort om regionen

Hallingdalsregionen er ein av regionane i Buskerud fylke. Kommunane Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål, og Hol utgjer regionen. I 1837 var det tre kommunar i regionen, Nes, Gol og Ål. I perioden fram til 1905 vart Hol skilt ut frå Ål, Hemsedal frå Gol og Flå frå Nes. Dagali, som tidlegare høyrde til Uvdal, vart i 1944 ført over til Hol.



Regionen høyrer til dal- og fjellområda på Austlandet, med eit samla areal på 5840 km². Om lag 70 % av arealet ligg meir enn 900 m.o.h., 26 % 1200 m og høgare, og berre om lag 10 % ligg lågare enn 600 m.o.h.

Vel 19 % er produktiv skog, 2 % er jordbruksareal, resten er fjell og fjellvidder og 363 km² vatn.

Bergensbanen og Rv.7 går gjennom hovuddalføret. Frå Gol går Rv 52 gjennom Hemsedal til Sogn. Rv. 50 går frå Hol til Aurland. Frå Gol går Rv.51 til Valdres og Rv.40 går frå Geilo til Numedal.

I Dagali ligg Geilo Lufthavn Dagali.

KOMMUNE	FOLKETAL 1.7.1997	AREAL KM ²
Flå	1 118	705
Nes	3 488	810
Gol	4 320	533
Hemsedal	1 804	753
Ål	4 742	1 172
Hol	4 618	1 867
Sum	20 090	5 840

Hallingdal inn i nytt tusenår

Hovudmålsetjinga i regionplan frå 1973 var etter tida svært radikal:


“Hovudmålet med den regionale utviklinga i Hallingdal er å ta vare på naturmiljøet som grunnlag for helse og trivsel og fremje ei lokalisering og utbygging av næringsliv og busetjing som ikkje berre siktar mot økonomisk vekst, men òg mot andre gode. Ut frå dette må ressursane utnyttast best mogeleg.”

2.1 Natur, kultur og mennesket.

Folk har levd i Hallingdal i hundrevis av år. Folk lever framleis i dalen, og målet må vera å forvalte Hallingdal slik at folk kan leve og virke her også i framtida.

Hallingdal har framtida med seg. På mange måtar ei grøn lunge i Europa. Natur og jordsmonn er i geologisk tidsalder ny, og bygdene her kan tilby eit kvardagsliv og fritidsopplevingar som etter kvart blir etterspurde varer.

Alle lever me våre liv i møtet mellom natur og kultur. Mennesket har til alle tider kultivert naturen. Mennesket har skapt kultur av natur. I mykje av dette “kultiveringsarbeidet” har mennesket vore ein god forvaltar, men i ettertid er det heller ikkje vanskeleg å finne døme på at inngrep og endring har vore mislykka.



Figur 2.1: Mennesket formar framtida i møtet mellom natur og kultur.

Går mennesket inn og kultiverer, vil det alltid endre eitt eller anna i naturen:

- Ulike driftsformer i landbruket verkar meir eller mindre på samspelet i naturen.
- Utbyggingar endrar landskapet. Reiselivsaktivitetar aukar presset på “urørt” natur.
- Nye verksemdar ynskjer ofte å ta i bruk og nytte lokale ressursar.

Hallingdal treng ein distriktpolitikk som gir regionen og lokalstyret størst mogeleg kontroll over bruken av naturressursane. Det blir difor viktig å syne storsamfunnet at folk i Hallingdal kan forvalte ressursane på ein fornuftig måte, som både tek vare på dei og gir utvikling og levedyktige kommunar inn i eit nytt årtusen.

2.2 Hovudmålsetjing

Strategisk plan for Hallingdal held - med nokre små endringar - fast ved målsetjinga i Regionplan frå 1973.

Hovudmålsetjing, Strategisk plan for Hallingdal

Hovudmålet med den regionale utviklinga i Hallingdal er å ta vare på natur og kultur som grunnlag for helse og trivsel, og fremje ei lokalisering og utbygging av næringsliv og busetjing som ikkje berre siktar mot økonomisk vekst,

men òg mot andre gode.

Ut frå dette må ressursane nyttast best mogeleg. □

Difor skal forvaltning og ressursutnytting kvile på:

- ❖ Respekt for vår felles kulturarv.*
- ❖ Respekt for naturgrunnlag og tolegrenser.*

Og utviklinga inn i neste tusenår skal byggje på:

- ❖ Tradisjonskunnskap og nytenking. □*

3. Tal, trendar og utvikling

Tal og statistikk gir eit bilete av nosituasjonen. Saman med hovudtrendar i samfunnsutviklinga kan dette vere med å gje politikarar og næringsliv tankar om vegval for framtida. Difor er det i denne strategiske planen teke med eit lite riss, for å vise og forklare kvifor styringsgruppa og plangruppene har valt innsatsområde, delmål og tiltak som dei har gjort.

3.1 Folketalsutvikling og alderssamansetjing


Folketalet i Hallingdal var pr. 1.1.1996: 20.102. Dette er omtrent i samsvar med dei mest optimistiske prognosane i regionplanen frå 1973.

Figur 3.1 syner folketalsutviklinga i Hallingdal i perioden 1976 - 1996, delt på aldersgrupper.

Total auke desse 20 åra har vore på 1.385.

Aldersgruppa 0 - 19 år har hatt ein nedgang på 841 og aldersgruppa 50 - 69 år har hatt ein nedgang på 637.


Aldersgruppa 20 - 49 år har hatt ein auke på 2.000 og aldersgruppa over 70 år har hatt ein auke på 863.



Figur 3.1: Folketalsutvikling i Hallingdal 1976 - 1996

Kjelde: SSB


Ei framskriving av folketalet mot år 2020 vil gje ein svak vekst med ca. 500 personar. Figur 3.2 på neste side syner stipulerte utvikling. Folketalsutviklinga i dei fleste andre distriktsregionar er negativ.



Figur 3.2: Prognose for folketalsutvikling i Hallingdal mot år 2020

Kjelde: SSB, reg.statistikk 1/97

For å kunne vurdere velferdsutviklinga er det viktig å veta noko om aldersfordelinga og utviklinga av den.



Figur 3.3: Prognose befolkninga i Buskerud 1995 - 2015

Kjelde: PANDA


Figur 3.3 syner prosentvise endringar etter aldersgrupper i Buskerud 1995 - 2015, med 1995 som basisår. Figuren syner at ein kan vente at samla del 67 år og eldre vil gå ned i Buskerud i fyrste del av perioden for så å auke mot dagens nivå i slutten av perioden.

Figur 3.3 syner at aldersgruppa 20 - 66 år vil ha ein auke, noko som òg vil gjelde for Hallingdal. Når det gjeld aldersgruppa 19 år og yngre, vil det kunne bli ein dramatisk nedgang. For Hallingdal ser dette ut til å skje etter år 2005.

Dagens barnegenerasjon er for fyrste gong i ferd med å bli underrepresentert i distriktsbefolkninga.

Med tradisjonelt store barnekull i distrikta, har landet hatt ein samanhengande vekst i den yngste vaksengenerasjonen. Sjølv med utflytting har dei fleste distrikta ikkje tapt innbyggjarar totalt. Med låge fødselstal og stor utflytting vil sentraliseringskrafta forsterkast.

For Hallingdal vil prosentvis del av folketalet over 67 år bli noko lågare enn dagens nivå, men ser me på aldersgruppa 80 år og eldre så vil den auke. Figur 3.4 syner endringar i aldersgruppa over 67 år. Det kan t.d. i Flå bli ein nedgang i denne aldersgruppa frå 24,3 % til 19,1 %.



Figur 3.4: Befolkning i Hallingdal over 67 år i 1996 og 2015

Kjelde: SSB

3.2 Utdanning

	Grunnskule	Vidaregåande skule	Universitet og høgskule
Hallingdal	28	56	14
Buskerud	30	51	16
Heile landet	28	51	19

Tabell 3.5: Prosent av innbyggjarane etter høgaste utdanning

Kjelde: SSB 1995

Tabell 3.5 syner at den delen av innbyggjarane i Hallingdal som har høgare utdanning, er lågare enn Buskerud totalt. I utgangspunktet ligg Buskerud lågt samanlikna med landsgjennomsnittet.


Samanlikna med andre tilsvarende distriktsregionar ligg ikkje Hallingdal spesielt godt an.

I Hallingdal varierer delen med høgare utdanning frå 15 % i Ål til 10 % i Flå. Det er og store forskjellar på kor mange studentar som er under utdanning ved universitet og høgskular i alderen 19 - 24 år. Tala varierer frå 27 % i Ål til 11 % i Hemsedal.

Næringsstrukturen i Hallingdal kombinert med avstanden til høgare utdanningsinstitusjonar er truleg noko av årsaka til det låge utdanningsnivået.

3.3 Sysselsetjing og arbeidsløyse.

I 1996 var det ca. 2.300 fleire sysselsette i Hallingdal enn i 1970. Folketalsauken i same tidsrommet var ca. 2.500. Ut frå figur 3.6 ser ein at det har skjedd store endringar innan dei einiskilde næringane. Sysselsetjinga i jord- og skogbruk er nesten halvert. Sysselsetjingsveksten har kome i reiselivssektoren, tenesteytande næringar og i offentleg verksemd. Innan hotell og restaurant har det skjedd ei dobling av sysselsette, talet på industriarbeidsplassar har vore nokså stabil og bygg og anlegg har nesten hatt ei halvering av sysselsette. Den største endringa har skjedd innan offentleg tenesteyting der det har vore ei femdobling av arbeidsplassar. Dette svarar til auken i sysselsette i perioden 1970 - 1996. Hallingdal har i dag ein næringsstruktur der landbruk og offentleg verksemd står for godt 40 % av sysselsetjinga.



Figur 3.6: Sysselsette etter næring

Kjelde: Regionplan 1973 og SSB




Fig. 3.7: Innbyggjarar 16 - 74 år i prosent av folkemengda 1.1.1997

Variasjon frå 69 % i Gol til 64 % i Ål.




Fig. 3.8: Arbeidstakarar 16 - 74 år med bustad i kommunen, i prosent av innbyggjarar i denne aldersgruppa 1.1.1997

Variasjon frå 62 % i Gol til 52 % i Flå.





Fig. 3.9: Arbeidsplassar i forhold til innbyggjarar 16 - 74 år, 1.1.1997

Variasjon frå 67 % i Gol til 40 % i Flå.

Arbeidsløysa i Hallingdal er og har vore låg både reelt og i forhold til resten av fylket. Også i byrjinga av 90-åra med stor arbeidsløysa i landet, var arbeidsløysa i Hallingdal godt under fylkes- og landssnittet. I Hallingdal var arbeidsløysa i 1996 ca.2,0 %, og samla for fylket 3,6 %.




Figur 3.10: Arbeidsledige i Hallingdal 1992 - 1996

Kjelde: SSB

3.4 Pendling

Kartet under syner pendlinga mellom kommunane, 4 kv. 1996. T.d syner pil mellom Gol og Hemsedal at 51 personar pendlar frå Gol til Hemsedal, medan 60 pendlar andre vegen.



Figur 3.11: Kart med pendling mellom kommunane, tal under 10 er ikkje teke med.

Tabell 3.12 syner pendlingstala i Hallingdal. Her kan ein sjå at t.d. 268 arbeidstakarar har bustad og arbeidsstad i Flå. Vidare er det 44 som pendlar frå Flå til Nes, 14 til Gol, 1 til Hemsedal, 4 til Ål, 3 til Hol og 84 til andre kommunar utanfor Hallingdal.

Tala i den siste loddrette kolonnen syner det totale talet arbeidstakarar som bur i kommunane. Tala i siste rad syner kor mange arbeidsplassar det er i kommunane.

Arbeidsstadskommune								
Bustadskommune	Flå	Nes	Gol	Hemsedal	Ål	Hol	Andre	I alt
Flå	268	44	14	1	4	3	84	418
Nes	27	1084	163	4	42	8	148	1476
Gol	1	66	1559	51	96	24	162	1959
Hemsedal	0	6	60	589	4	4	76	739
Ål	0	16	135	3	1333	125	156	1768
Hol	0	7	24	1	102	1622	165	1921
Andre	27	119	168	53	89	178		
Total	323	1342	2123	702	1670	1964		

Tabell 3.12: Pendling i Hallingdal 4. kvartal 1996, arbeidstakarar 16 - 74 år Kjelde: PANDA

Ved å samanstille innpendling og utpendling frå kvar kommune blir det følgjande tal for nettoppendling (innpendling - utpendling)

Flå	- 148
Nes	- 134
Gol	+164
Hemsedal	- 37
Ål	- 98
Hol	+ 43

Netto utpendling frå Hallingdal blir etter dette 210. Dette er ikkje noko høgt tal samanlikna med tilsvarande regionar. *Pendlarmønsteret viser at hallingane til ein viss grad opplever Hallingdal som felles arbeidsmarknad. Dette er berre delvis rett. Det er t.d. mest utveksling av arbeidskraft mellom nabokommunar.*

3.5 Trendar og utvikling

Hallingdal er ein del av verdssamfunnet, og generelle utviklingstrendar vil også prege utviklinga i vår region.

Vi står midt oppe i ei tid som av mange blir samanlikna med overgangen frå jordbruks-samfunn til industrisamfunn.

Den teknologiske utviklinga vil framleis rasjonalisere arbeidsplassar i gamle næringar, men **omstrukturering og nye nisjar** vil opne for spanande nyetablering. Kvalitet og særpreg vil for mange produkt bli viktigare enn avstanden til marknaden.

Stadig endring stiller store og **endra krav til kunnskap**. Kunnskap kan ofte bli ei forbruksvare med datostempling. Livslang læring og tettare band mellom kompetansmiljø og næringsliv vil gje konkurransefordelar.

Stadige endringar vil også gjere det vanskeleg å spå om framtida. Stadig nye produkt-spesifikasjonar, marknadsendringar og økonomiske omskifte stiller store krav til **fleksibilitet**. Tidlegare produserte distrikta fleire ungar enn byregionane. Dette kompenserte for ungdomsfråflyttinga. I dag er reproduksjonen mindre enn utflyttinga. Med andre ord; den gamle vekstsituasjonen er ikkje lengre til stades.

Ynskjer ein **vekst i folketalet** må regionen importere nye innbyggjarar eller hente attende utflytta ungdomar. Utfordringane vil vere å lage gode strategiar for å oppretthalde næringsgrunnlaget og skape sysselsetjing i konkurranse, men også i samspel med omverda.

Informasjonsteknologien vil skape nye arbeidsplassar og nye yrkeskombinasjonar og den vil oppheve ein del geografiske avstandar. Dette kan skape nye arbeidsfellesskap der stadig fleire arbeidsoppgåvene blir løyste gjennom pc-kommunikasjon med omverda, medan kontorfellesskap ivaretek delar av det sosiale nettverket.

Informasjonsmengda og informasjonsbehovet aukar. Eit framtidig folkestyre vil stille stadig større krav til informasjon og system som ivaretek informasjonsplikta i samfunnet.

Infrastruktur og samferdsel kan gjere avstandane kortare til dei folkerike områda rundt Oslofjorden. Infrastrukturen er ein av dei viktigaste rammefaktorane for framtidig næringsutvikling.

Intensivt arbeid og auka fritid vil begge delar føre til større behov for rekreasjon og meningsfulle fritidsaktivitetar. Kultur blir ein viktig attraktivitetsfaktor.

Nasjonalpolitisk ynskjer ein å **styrkje den fastlandsbaserte delen av næringslivet.** Det offentlege vil difor få ei viktig oppgåve i å drive aktiv næringsutvikling.

Samstundes vil **endra skattepolitikk og mindre distriktsoverføringar** stille store krav til regionalt samarbeid.

4. Regional lokalisering

Spørsmål om regional lokalisering - og eit eventuelt regionsenter - dukkar stadig opp i det interkommunale arbeidet. Spørsmålet om regionsenter vil i svært liten grad få innverknad på konkrete tiltak i tiltaksplanen for 1998 - 2001. Difor treng ikkje vedtak om lokalisering og regionsenter stenge for resten av plandokumentet.

4.1 Situasjonen i Hallingdal

I Regionplan frå 1973, står det m.a.:

“For å oppnå best mogeleg arbeidsplasstilbod og gode servicetilbod må det byggjast eit hovudsenter for service som treng heile folkemengda i Hallingdal som kundegrunnlag, og det må byggjast fleire industri- og turissentra.


Eit hovudsenter for service vil vera sterkt avhengig av utviklinga i resten av regionen. Alle vil vere interesserte i eit vekstkraftig hovudsenter.

Eit differensiert lokaliseringmønster med oppgåvefordeling mellom kommunane vil vere det mest stimulerande og vekstfremjande for regionen sett under eitt.” (s.34)

Hallingdal har ikkje hatt den same senterutviklinga som ein del andre regionar kan vise til. Tettstadutviklinga samsvarar heller ikkje med 73-prognosane.

Tabellane under syner at etter folketalet har Hallingdal fire jamstore tettstader med over 700 innbyggjarar.

Nesbyen 2.111, Geilo 2.114, Gol sentrum 2.163 og Sundre 2.192.



Tabell 4.1: Folketalsutviklinga i dei fire største tettstadene i Hallingdal.

Kjelde:SSB

Tabell 4.2 syner lokaliseringa av ein del regionale institusjonar og verksemder. Det er teke med døme på næring, privat service og private institusjonar som har tilnærma “monopol” i regionen, og som såleis har heile Hallingdal som nedslagsfelt. Ein gjer merksam på at oversikta ikkje er fullstendig, men den gir eit bilete av lokaliseringsmønsteret.

	Regionale oppgåver	Fylkeskomm. oppgåver	Statlege oppgåver	Næring og priv.institusjo n.
Flå	<input type="checkbox"/>			Bjørneparken
Nes	Hallingdal Folkemuseum	Nesbyen videregående skole (Hallingdal kompetansesenter) Hallingdal Folkemuseum	Sorenskrivar	Hallingdal Apotek
Gol	Hallingdal teaterverkstad (fylke og stat) PP-tenesta Revisjon (kontor i alle kommunar) Næringsmiddeltilsynet for Hallingdal <input type="checkbox"/>	Gol vidaregåande skule	Øvre Buskerud jordskiftekontor Arbeidskontoret for Hallingdal <input type="checkbox"/>	Hallingdal forsøksr. Felleskjøpet VBS DBC-senteret Fjell og Fjord Ferie Div. grossistar Vinmonopolet A/S NSB reisebyrå Hallingdal folkehøgs.
Hemse dal				Østlandsmeieriet Norges høyfjellsskole
Ål	Ål kulturhus Hallingdal renovasjon Regionrådet PP-tenesta Hallingdal bedriftshelseteneste Hallingkraft	Hallingdal sjukestugu Ål vidaregåande skule Lien landbruksskule	Norsk luftambulans HV-skolen på Torpomoen NRK-Buskerud (til Ål i 1998) <input type="checkbox"/>	Hallingdølen Døves video Ål folkehøgskole Østlandsmeieriet
Hol	Hallingdal kraftnett		Geilomo sjukehus	Geilo lufthavn, Dagali Radio Hallingdal

Tabell 4.2: Bilete av lokaliseringsmønsteret.


4.2 Handelsanalyse

Dekningsgrad i detaljhandel er eit mål på om regionen har handelslekkasje. Tal over 100 indikerer at regionen trekkjer til seg kjøpekraft, og tal under 100 syner at det er handelslekkasje ut av regionen. Tabell 4.3 syner høge tal for Hallingdal samanlikna med to andre distriktsregionar. I fleire utkantregionar er dekningsgraden mykje under 100. Det er grunn til å tru at reiselivet er med og forklarar dei høge tala for Hallingdal. Ei grundigare analyse ville truleg syne at hallingar også handlar utanfor regionen. Tabellen stadfestar berre at i Hallingdal er omsetnaden innan detaljvarehandelen større enn folketalsgrunnlaget. Tala inkluderer polvarer, bil og bensin.

□	-1984-	-1989-	-1994-
Hallingdal	107	127	134
Ringerike	140	140	140
Buskerud	115	121	130
Numedal	57	69	84
Nord-Gudbrandsdalen	86	92	88(1993)

Tabell 4.3: Dekningsgraden i detaljhandelen.

Kjelde: NIBR



Figur 4.4: Varehandelen i Hallingdal, 1994 - 1996

Kjelde: SSB

Figur 4.4 syner varehandel-omsetnaden i dei seks Hallingdalskommunane i perioden 1994 - 1996. Tabellen syner at innan detaljhandel er Hol, Ål og Gol størst. Innan kjøretøy og drivstoff er Gol størst, men med ein sterk vekst i Nes.

I tillegg har kommunane ein svært varierende agentur- og engroshandel. Gol hadde i 1995 ein omsetnad på ca. 243 mill. kr, medan Ål var nest størst med ca. 55 mill kr. i omsetnad. Desse tala kan ikkje nyttast direkte men det syner at Gol har mykje agentur- og engroshandel, samanlikna med dei andre kommunane.

4.3 Mål og vegval

Målet er å oppretthalde ei desentralisert busetjing som gir vokster i alle kommunar.

Utviklinga i Hallingdal så langt samsvarar ikkje med prognosar og senterutviklingstal frå 1973. Utviklinga er heller ikkje i samsvar med tendensane i ein del andre regionar med eit definert regionsenter.

Årsakene til dette kan vere:

- Hallingdal har fleire jamstore tettstader.
- Eit regionalt styringsorgan med mynde og midlar har mangla.
- Den offentlege forvaltninga kan styre, men rår ikkje over privat initiativ.
- Utviklinga innan reiseliv. Hallingdal har 3 av dei 11 største turistkommunane i landet.

Det har vore drøfta korleis ein best kan halde på ei desentralisert busetjing og vokster i alle kommunar i Hallingdal. Eit regionsenter blir både i politiske styringsdokument og av forskarar peikt på som eit verkemiddel for å oppretthalde livskraftige utkantar. Difor har spørsmålet om regionsenter vore ei sentral politisk problemstilling. Skal Hallingdal ha regionsenter? Kan regionrådet vere med å styre senterutviklinga, og kva skal i så fall vere retningsgjevande ved lokalisering av nye tiltak/tilbod?

Etter ei samla vurdering og drøfting er ein kome fram til at: "Ei samla profilering av Hallingdal utan eit definert regionsenter vil vera med på å oppretthalde ei desentralisert busetjing og gje vokster i alle kommunar.

Som det geografiske midtpunktet vil Gol framleis vera det naturlege knutepunktet i regionen."

Som eit resultat av dette vil det måtte bli ei funksjonsfordeling. Den store utfordringa vil bli å skape interessante fagmiljø som kan dra nye næringar til Hallingdal i konkurranse med andre distrikt

5. Fire innsatsområde

Med bakgrunn i dei trendar og utfordringar det er peika på i kapittel 3, blir desse innsatsområda prioriterte:

- *Næringsutvikling*
- *Kompetanse*
- *Profilering/Informasjon*
- *Regional organisering*

5.1 Næringsutvikling

Landbruket har opplevd ei halvering dei siste 25 åra og utgjer no ca. 8 % av sysselsetjinga. Reiseliv og varehandel har hatt den sterkaste veksten - ca. 25 % av sysselsetjinga. Annan næring har 36 % av sysselsetjinga, og offentlig sektor har 30 %.

Eit kjenneteikn på næringslivet i Hallingdal er mange små selskap med relativt få tilsette.

Næringslivet må vere budd på ei utvikling med stadig større krav til omstilling. Omstilling kan, med styring og strategiar, gje ei positiv utvikling.

Ei av dei store utfordringane blir å takle ein stadig større ubalanse mellom primærnæring og reiseliv. Landbruket er, ved sida av primær oppgåva å produsere mat, også den næringa som gir Hallingdal miljø og identitet. Ei reiselivsnæring i ukontrollert vekst vil øydeleggje viktige råvarer som; natur, kulturlandskap og eigenart.

Difor blir det viktig å utvikle eit samspel mellom ei sterk primærnæring og eit lokalt styrt reiseliv som set kvalitet føre kvantitet.

Det blir m.a. viktig å stimulere kulturbaserte næringar, som ofte er attåttnæringar til landbruket.

Regionalisering av næringslivet er også ei utfordring. Bedrifter flytter produksjonseiningar til Oslofjordregionen. Dette kan resultere i regionale interessekonflikhtar. Infrastruktur og samferdsel blir i slike drøftingar ein viktig rammefaktor.

Spesialiserte servicenæringar og offentlig service vil framleis vere ei vekstnæring. Skal dette vere ei dynamisk næring i Hallingdal, må den i tillegg til å vera retta mot den regionale marknaden, også vera eksportretta.

Det er også grunn til å tru at Hallingdal etterkvart vil stå fram som ein felles arbeidsmarknad. I regionplan frå 1973 vart 35 km rekna som akseptabel arbeidsreise. Gjennomsnittleg arbeidsreise på landsplan var i 1988, 31 km. (Agenda, 1996)

Krav til kvalitet og skreddarsydd løysingar utfordrar bransjar, sektorar og utradisjonelle grupperingar innan industri, landbruk, reiseliv og handel til å gå saman for å møte konkurranse.

I tillegg vil lokal handlefridom vere ein føresetnad for god næringsutvikling i regionen.

Staten set det lokale sjølvstyret under press ved å redusere handlefridommen. Kommunane får stadig større oppgåver utan nye økonomiske rammer.

Ei sterkare fokusering på samspelet mellom privat verdiskaping og offentlig forbruk, gjer at offentlege næringskontor saman med lokale bankar i sterkare grad bør vere med å stimulere til næringsutvikling og nyetablering.

Delmål, næringsutvikling:

- 1. Samordne det næringspolitiske arbeidet i regionen.***
- 2. Stimulere til alliansebygging for å styrkje ei næring, eit fagmiljø, eit produkt eller ein marknad.***
- 3. Arbeide for å sikre hovudferdselen innan, og ut og inn av regionen*** □

Regionen skal arbeide for å nå desse måla ved å gjennomføre tiltak i tiltaksplanen.

5.2 Kompetanse

I brukarundersøking frå 1996 er innbyggjarane minst nøgde med utdanningstilbodet utover grunnskule. Samstundes veit vi at kompetanse er og blir eit nøkkelord når framtida skal formast. Hausting og enklare foredling av råstoff er ikkje lengre nok til å skape eit framtidsretta næringsliv.

Hallingdal er ein region som eksporterer kompetanse. Ungdom må reise ut for å ta høgare utdanning og flytter i liten grad attende til Hallingdal. Årsaka er m.a. mangel på arbeid som passar med utdanning, men det kan også vera at banda til Hallingdal ikkje er sterke nok.

Etterspørselen etter folk med høgare utdanning vil auke fordi dei fleste verksemdene vil stå i ein konstant endringsprosess og må takle omstilling. Fleire næringar, som t.d. reiseliv, treng kvalitetsheving i ein sterk marknadskonkurranse.

Det er også grunn til å merke seg at ein kommune i eit moderne samfunn treng ein kompetansetettleik på 10-15% berre for å drive offentleg samfunnsservice som kommuneadministrasjon, skule helse, kyrkje lensmannsetat m.m.

(Kompetansetettleik er del av folketal i yrkesaktiv alder med høgare utdanning).

I Hallingdalskommunane ligg kompetansetettleiken mellom 10 og 15 %. Offentleg forvaltning spelar difor ei avgjerande rolle både for kompetansenivå og busetnaden i regionen.

Små verksemder har vanskar med å gjennomføre kompetanseheving på eiga hand. Ei kartlegging gjort av DBC, viser også at reiselivet i Hallingdal har vanskar med å prioritere kompetansehevande tiltak. Dette gir eit misforhold i kompetansenivå mellom byråkrati og verdiskaping. Det blir viktig å knyte band mellom forskingsmiljø og verksemdene i regionen. Eit kompetansesenter i Hallingdal vil best kunne ta vare på denne oppgåva.

Sjølv om folk med høgare utdanning leitar etter og søker til fagmiljø, vil denne gruppa i større grad også jakte på den gode bustad. I så måte har Hallingdal kvalitetar å spele på. Ei viktig målgruppe blir ungdom frå dalen som er under utdanning og som kjenslemessig bør vere knytte til regionen.

Delmål kompetanse:

- 1. Styrkje utdanningsvegane ut over grunnskulen, vidareutdanning/etterutdanning.***
- 2. Betre samarbeidet mellom skule og næringsliv.***
- 3. Gje ungdom innsikt og informasjon om tradisjon, vekst og framtid i Hallingdal.*** □

Regionen skal arbeide for å nå desse måla ved å gjennomføre tiltak i tiltaksplanen.

5.3 Informasjon/profilering

Hallingdal er eit innarbeidd namn på regionen, men er med få unntak lite nytta i felles profilering. Hallingdal treng å styrkje samkjensla om regionen skal stå fram med eit felles andlet mot omverda.

Kommunal og regional informasjon er nedfelt i kommunelova og er viktig om lokaldemokratiet skal virke. Innbyggjarane treng informasjon for å kunne delta i styringsprosessar.

Hallingdal har også eit stort behov for å informere politikarar, fylke og stat om våre behov og interesser.

To trendar kan vere verdt å merke seg:

- For det fyrste vil folk etter som velstand og utdanningsnivå aukar, leite etter gode oppvekstmiljø og ein bustad med høve til oppleving og rekreasjon i friluft og i rein natur.
- For det andre vil auka fritid og større krav til livsstandard, gjere kulturtilbod til ei etterspurd vare.

I brukarundersøkinga frå 1996 er hallingane mest nøgde med tilhøva for friluftsliv og oppvekstmiljøet.

Strategisk plan for Hallingdal bør gjennom konkrete tiltak vere med å meisle ut ei felles grunnholdning som kan skape ein hallingidentitet som er synleg for omverda.

Nyskapande kunst og kultur bør skaffast levelege kår i Hallingdal gjennom aktiv støtte og aktiv bruk.

Delmål profilering/informasjon:

- 1. Gje Hallingdal eit felles andlet.***
- 2. Gjere kulturlandskapet rundt oss vakrare.***
- 3. Samordne informasjonsarbeidet internt og utoverretta.*** □

Regionen skal arbeide for å nå desse måla ved å gjennomføre tiltak i tiltaksplanen.

5.4 Regional organisering

Organisasjonane i samfunnet blir stadig meir samansette og behovet for kompetanse aukar. Gjennom fagleg samarbeid kan ein både betre kvaliteten og få ei betre ressursutnytting. På andre område kan stordrift gje økonomisk gevinst. Særleg gjeld dette innkjøp av varer og tenester.

I Buskerud fylke er Hallingdal den regionen som har mest samarbeid og flest fellesprosjekt. Hallingdal har ca. 50 økonomisk/administrative forpliktande samarbeidstiltak. Nokre døme: Næringsmiddeltilsynet, Hallingdal kraftnett, Hallingkraft, PP-tenesta, Hallingdal revisjonsdistrikt, Hallingdal folkemuseum og Hallingdal renovasjon. Hallingdal har i tillegg ca. 20 uformelle samarbeidstiltak og møteplassar for m.a. etatssjefar og sakshandsamarar.

Telemarksforskning gjennomførde i 1994 ei undersøking om vilje til interkommunalt samarbeid i Hallingdal. Eit kapittel omhandlar prinsipielle og praktiske problemstillingar knytte til regionalt samarbeid:

- *Ynskjer regionen eit sjølvstendig politisk/administrativt organ med vide fullmakter*

(eit fjerde forvaltningsnivå), eller er ein nøgd med møtepunkt for utveksling av informasjon og drøfting av fellessaker der det interkommunale samarbeidet er forankra i dei ulike sektorane/etatane.

- Kollektiv handlekraft. Med vetorett i alle saker blir handlekrafta lita.
- Skal samarbeidstiltaket på sikt ha livets rett, må ein kunne vise til betre resultat enn det enkeltkommunane kunne fått til åleine.
- Geografiske avstandar set grenser for kva slags tiltak det er effektivt å samarbeide om.
- Lokalisering av fellestiltak fører ofte til at interkommunalt samarbeid strandar. På lang sikt bør ein sørgje for at alle kommunane får sin del av interkommunale etableringar.
- Like barn leikar best. Hallingdalskommunane er like barn, men når det gjeld økonomisk handlefridom står kommunane svært ulikt.
- Gjennom dei ca. 70 samarbeidstiltaka i Hallingdal bør det vere utvikla ein kultur for samarbeid.

(Henta frå *Interkommunalt samarbeid i Hallingdalsregionen*, Karl Gunnar Sanda og Willy Mo, 1994.)

Regionalt forpliktande samarbeid med makt og mynde til å gjennomføre regionale oppgåver vil vere med å avgjere den regionale utviklinga. Rammeoverføringar vil ikkje i framtida gjere det enklare å drive mindre kommunar. Eit regionalt samarbeid kan vere einaste alternativet til kommunesamanslåing.

Delmål regional organisering:

1. Gjennom eit tettare samarbeid mellom kommuneadministrasjonane utvide fagmiljø, dra spisskompetanse til regionen og eventuelt effektivisere og økonomisere ressursbruken. □

Regionen skal arbeide for å nå dette målet ved å gjennomføre tiltak i tiltaksplanen.

5.5 Regionale vegvisarar

I planprosessen har det vakse fram semje som er samla i tre vegvisarar. Vegvisarane kviler på hovudmålsetjinga, utvalde innsatsområde og delmål. Desse tre regionale vegvisarane gir retningane for tiltaksdelen i Strategisk plan for Hallingdal.

- Regional identitetRegionen treng “lim” som kan virke samlande på regionen, t.d. felles kulturarbeid.
 - Lokaliseringsspørsmål
 - Det som er godt for naboen er også godt for meg
 - Motsetnaden mellom kommunepolitikk og regionalpolitikk
 - Regional bevisstgjerung, denne planprosessen har invitert mange i Hallingdal til å tenke regionalt
- Kompetanse/kunnskap
 - Samfunnsendingane krev stadig oppdatering
 - Regionen må synleggjera/skaffe fagmiljø og ressurspersonar
 - Strukturendringar i næringslivet
 - Ungdomen er råvare til vår framtidige humankapital, og denne er viktigare enn billeg kraft og gratis industritomter

- Kommunikasjon
- Hallingdal ynskjer å vera “midt i verda”. Eit ynskje om å arbeide mot isolasjon og “blindtarneffektar”
- Viktige rammefaktorar for næringslivet
- Viktige moment for bukvaliteten i regionen
- Informasjonsteknologi/kommunikasjon er framtidas arbeidsverktøy, internt og mot omverda

6. Frå ord til handling

“Det var ein god plan, men han vart liggjande i skrivebordsskuffen.” Dette høyrer vi dessverre alt for ofte. Skal denne strategiske planen bli eit handlingsretta verktøy i det regionale samarbeidet, blir det viktig med eit økonomisk fundament, og med ein plan for gjennomføring og evaluering.

6.1 Samordna verkemiddelbruk.

1998-tiltaka i tiltaksplanen er kostnadsrekna til ca. 920.000 kroner. Nokre av prosjekta som skal starte i 1998 skal gå over fleire år. Fordi dei fleste tiltaka er regionale/ interkommunale, utløyser dei fylkeskommunale og statlege midlar. Grovt rekna blir halvparten av kostnadane dekkja av tilført kapital. Andre halvparten må kommunane og næringslivet i regionen finansiere. Av dette er ca. 390.000 kommunale/regionale kroner. Hallingdal har vel 20.000 innbyggjarar. Den kommunale/regionale prislappen blir då 19 kroner pr innbyggjar for 1998.

St.meld.nr 31 om Distrikts- og regionpolitikken (1997) peikar på kor viktig det er å samordne verkemiddelbruken og samle innsatsen. Dette vil i følgje meldinga gje størst effekt. Enkeltprosjekta i denne strategiske planen er regionale byggjesteinar som, fordi regionen står samla bak, tilfører Hallingdal offentlege midlar som på sikt vil vere med å styrkje heile regionen.

Aktuelle finansieringskjelder:

1. På kommunalt/regionalt nivå kan løyvingane kome frå m.a. kommunale næringsfond.
2. Lokale bankar og næringane i regionen.
3. Fylkeskommunale midlar:
 - * Fylkeskommunen sine egne midlar
 - * Fylkeskommunen sine næringsfond
 - * Fylkeskommunen sine miljøfond
 - * Statsbudsjettet kap 551, 51 Regionale program for næringsutvikling.
 Hovudutvalet for næring-, ressurs- og miljøspørsmål disponerer alle desse midlane.
4. SND.

SND Buskerud forvaltar bedriftsretta verkemidlar. Dei kan støtte tiltak med bedriftsøkonomiske mål, og tiltak som ikkje får løpande offentleg støtte.
5. BU (Bygdeutviklingsmidlar)

Fylkesmannen i Buskerud landbruksavd. (Hovudutvalet for næring, ressurs og miljøspørsmål)

6.2 Rullering og evaluering

Tiltaksdelen i Strategisk plan for Hallingdal skal rullerast kvart år i samband med årsmeldinga til regionrådet. Det skal gjerast opp status for alle tiltak og regionrådet skal ta stilling til om ein vil be kommunestyra vedta nye tiltak.

Våren 2001 skal regionrådet gjennomføre ei evaluering av planen og vurdere om ein bør gjere endringar i generell del.

Tiltaksplan

Konkrete tiltak - 49 stk.

Tiltaka har kome fram gjennom arbeid i sektorplangrupper og seinare i innsatsområde-grupper. Etter siste høyringsrunde som vart avslutta i oktober 1997 er det gjort framlegg om ein tiltaksplan. I vedlegg 1 er det gjort ei prioritering av tiltak. I dette kapittelet er alle tiltak ført opp med bakgrunn i innsatsområder og delmål.

Nummereringa av tiltaka er ingen prioritert liste, men eit katalognummer.

Tiltak som ikkje er prioritert er ført opp som x-tiltak.

I samsvar med grunntanken i ein strategisk plan, er tiltaksplanen eit utval av tiltak. Dette er tiltak ein på regionalt nivå ynskjer å prioritere den fyrste fireårsperioden.

Dette vil vere ein prøveklut som konkret regionalt planverktøy. Mange regionale prosjekt har ikkje fått plass, anten fordi dei ikkje er prioriterte eller fordi arbeidsgruppene ikkje har visst om dei. Målet må vere at etterkvart som denne planen skal rullerast, må initiativet til nye tiltak kome frå næringsliv, det politiske miljøet, enkeltpersonar og organisasjonar i regionen. Regionale målsetjingar og grunnprinsipp i den generelle delen skal vere retningsgjevande og bli vekttalet ved framtidige prioriteringar.

Dei fleste tiltaka sorterer under fleire av delmåla. For å gjere tiltaksplanen logisk og lesbar er tiltaka likevel sorterte under eitt av innsatsområda/delmåla.

Tiltak 1: “Hallingdalsmagneten” - eit statleg prøveprosjekt.

Interkommunalt samarbeid, regiontenking og kommunesamanslåing er aktuelle problemstillingar i kommune-Noreg.

KAD ynskjer med st.meld. nr 32 (1995-96) å leggje til rette for interkommunalt samarbeid både gjennom juridiske, økonomiske og eventuelt andre verkemiddel.

Samarbeid mellom jamstore kommunar utan definert regionsenter har liten plass i forskingsarbeid så langt. Teknologisk utvikling vil vere med på å oppheve geografisk avstand og mange grenser. Dette vil også gje nye perspektiv innan senterutvikling-problematikken.

Elektronisk infrastruktur vil i framtida spele ei sentral rolle - ikkje berre i overføring av informasjon, men like mykje som reiskap i fagleg oppdatering, direkte kommunikasjon mellom kunde og leverandør og produktutvikling.

IT blir stadig meir brukt som eit styringsreidskap. Dersom teknologien ikkje blir styrt på lokale premisser, kan han lett styrkje sentrumskontrollen over periferien. Dermed kan m.a. verdiskapinga i distrikta minke.

KAD vil vere med å styrkje nyskapingmiljø gjennom teknologi- og kunnskapsoverføring og gjennom nettverksbygging mellom små og mellomstore bedrifter. (s.19 i stortingsmelding nr 31 1996 -97). Dette må like mykje gjelde for offentlege og statlege verksemdar og fagmiljø.

Desse representerer den største fagkompetansen i dei fleste distriktsregionar.

Hallingdal har ein desentralisert senterstruktur, har eit etablert regionalt samarbeid og det er politisk vilje til aktivt å utvikle heile regionen.

Strategisk plan for Hallingdal er eit planverktøy som samordnar og støttar opp om ei samla profilering av Hallingdal. Det ligg til rette for ei statleg prøveordning.

Mål: Samordne virkemiddelbruk og vurdere resultatet av ein regional innsats for å utvikle vidare eit lokaliseringsmønster som kviler på overordna regionale målsetjingar om spreidd busetnad, samla profilering av Hallingdal og vekst i alle kommunar.

Strategiar:

- * Kommuneteknisk samarbeid.
- * Styrkje fagmiljø og dra spisskompetanse til regionen.
- * Nyskaping og produktutvikling i små og mellomstore verksemdar.
- * Tenestetilbod og trivsel.
- * Stimulere etablerar-iveren lokalt.
- * Sentral vilje til å etablere nye verksemdar i regionen.

Arbeidsgang: Regionrådet ved regionrådsleiar arbeider aktivt mot sentrale aktørar for å gjere tiltaket til statleg prøveprosjekt. Det blir tilsett ein prosessrettleiar/koordinator som samordnar tiltaksarbeidet i strategisk plan og vurderer virkemiddelbruken.

Kostnad: 1.200.000 kroner
Finansiering: Statleg prøveprosjekt.

Start/slutt: 1998 - 2000

Samarbeidspartar: Regionrådet for Hallingdal, Buskerud fylkeskommune, KAD og KS.

5.1. Innsatsområde næringsutvikling

Delmål A:
Samordne det næringspolitiske arbeidet i regionen

Hallingdal treng å styrkje det næringspolitiske samarbeidet. Hallingdal blir etterkvart oppfatta som ein felles arbeidsmarknad og det vil ha verdi å vise omverda at regionen har ein felles næringspolitikk. Departementet ynskjer, m.a. i Stortingsmelding nr 31, at det offentlege på region- og kommunenivå i sterkare grad skal drive aktivt næringsarbeid. Ei samordning vil også synleggjere fagmiljø og samla kompetanse i regionen, og gjere det enklare å skaffe spisskompetanse til regionen.

Tiltak 2: Utvikle modell for næringspolitisk arbeid

Resultatmål: Eit forprosjekt som skal avklare korleis næringsutviklingsarbeidet i Hallingdal skal organiserast. Prosjektrapport med konkrete framlegg til organisering, innhald og finansiering.

Arbeidsmåte: Arbeidsgruppe med representantar frå næringslivet, fylket, fylkesmannen, SND og dei kommunale nærings-medarbeidarane i samarbeid med innleidd konsulent.

Start/slutt: 1998

Kostnad: 150.000 kroner.

Finansiert av fylkeskommunale midlar og kommunale næringsbudsjett.

Ansvar: Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 3: Regionalt SND-kontor

SND-midlar kanalisert til Hallingdal. Eit cirka gjennomsnitt for dei fire siste åra:

Utviklingstilskot	1.215.000 kroner
Distriktsutviklingstilskot	10.125.000 kroner
Etablerarstipend	370.000 kroner
Grunnfinansieringslån	25.000.000 kroner
Sum, gjennomsnitt 4 år	36.710.000 kroner

(Distriktsretta risikolån og garantiar er ikkje teke med i desse tala)

Resultatmål: Opprette avdelingskontor for SND i Hallingdal.

Arbeidsmåte: Buskerud har eige SND-kontor. Regionrådet må arbeide for at SND skal ha kontordagar i Hallingdal.

Eit samarbeid mellom regionalutviklingsetaten, kommunale nærings-medarbeidarar og næringslivet.

Start: 1999

Kostnad: Tiltaket blir rekna som eit 0-tiltak.

Ansvar: Regionrådet for Hallingdal/ regionalutviklingsetaten i Buskerud fylke.

Tiltak 4: Regionalt BU-fond

- Resultatmål:** Opprette eit regionalt fond med BU-middel som blir forvalta av eit fondstyre med medlemmer frå dei seks Hallingdals-kommunane.
- Arbeidsmåte:** Ei arbeidsgruppe med kommunale næringsmedarbeidarar, politikarar og folk frå fylket arbeider ut statuttar og retningsliner for det regionale fondstyret.
- Start:** 1999
- Kostnad:** Tiltaket blir rekna som eit 0-tiltak.
Administrative kostnader blir dekkja av regionrådet.
- Ansvar:** Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 5: "Etablering gir vekst for alle"

Kommunane si rolle som støttespelar og aktiv medspelar for næringslivet er viktig. Med bakgrunn i Kommunal- og Arbeidsdepartementet sin kampanje "etablering gir vekst for alle" ynskjer ein å setje nyetablering på dagsorden.

- Resultatmål:** Kommunane skal vere med på å skape ein kultur der fleire blir motiverte til å å skape nye arbeidsplassar.
- Arbeidsmåte:** Gjennomføre ei intern skulering med bakgrunn i KAD- kampanjen.
- Start/slutt:** 1999 - 2001
- Kostnad:** Administrative kostnader blir dekkja av den enkelte kommune.
- Ansvar:** Næringsmedarbeidarane i kommunane.

Tiltak x: Regionalt ungdom/kulturstipend

- Resultatmål:** Opprette ei stipendordning som kan gje ungdom og lokale kunstnarar høve til å realisere egne idear og prosjekt og drive utøvande kunst/kulturarbeid.
- Arbeidsmåte:** Ei arbeidsgruppe med kommunale næringsmedarbeidarar, politikarar og folk frå næringslivet (bankane) arbeider ut statuttar og retningsliner for den regionale stipendordninga.
- Kostnad:** 100.000 kroner.
Finansiering: Kommunale næringsfond og bankane.
Administrative kostnader blir dekkja av regionrådet.
- Ansvar:** Regionrådet for Hallingdal.

Delmål B:
***Stimulere til alliansebygging for å styrkje
 ei næring, eit fagmiljø, eit produkt eller ein marknad.***

Dei fleste verksemdene i regionen er små. Dette gir rom for fleksibilitet og marknads-tilpassing. Samstundes er det vanskeleg å frigjere ressursar til oppdatering, nytenking, produktutvikling og marknadsorientering. Samarbeid og fellesskapsløysingar kan stimulere til kreative prosessar og føre lokale produksjonsmiljø saman i nettverk.

Tiltak 6: Multimedie-presentasjon av Hallingdal

- Resultatmål:** Utprøving av teknologisk nettverk som reiskap i produktutvikling.
 Eit multimedieprodukt som presenterer Hallingdal for ulike brukargrupper.
- Arbeidsgang:** Prosjektleiari for Hallingdal kompetansesenter leiari arbeidet med å bygge opp ein prosjektorganisasjon.
- Start/slutt:** 1999 -2001
- Kostnad:** 300.000 kroner.
 Finansiering: Statlege og fylkeskomm. prosjektmidlar, kommunale tilskot.
- Ansvar:** Arbeidsgruppe Hallingdal kompetansesenter/Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 7: Prosjekt trearbeids-industri

Trevare er ein viktig del av ressursgrunnlaget i Hallingdal og representerer ei næring med stort verdiskapingspotensiale.

- Resultatmål:** Føre ulike interessentar saman i foredlingskjeder som m.a. kan drive felles produktutvikling og marknadsføring i strategiske alliansar.
- Arbeidsmåte:** Eit samarbeid mellom næringsverksemdar, kommunane i Hallingdal og regionalutviklingskontoret.
- Start/slutt:** 1998.
- Kostnad:** 150.000 kroner.
 Finansiert av regionalutviklingsmidlar og BU-midlar.
- Ansvarleg:** Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 8: Prosjekt for auka verdiskaping i skogbruket i Hallingdal

Gardsskogbruket i Hallingdal med omkring 2000 eigarar kan nytte skog-ressursane betre. Ressursane står der og bør nyttast til beste for eigarane og for verdiskapinga i bygda. Skogbruket i regionen har eit potensiale som kan gje omlag 25 mill kroner årleg i auka verdiskaping.

- Resultatmål:** Auka aktivitet i skogen i Hallingdal.
- Arbeidsmåte:** Eit samarbeidsprosjekt med deltakarar frå skogeigarlaga, skogeierforeningen, fylkesmannen si landbruksavdeling og kommunane i Hallingdal.
- Start/slutt:** 1998 -2001.
- Kostnad:** Førebels ukjent kostnad.

Finansiert av BU-midler, rentemiddel av skogsavgifta, skogeigarlag og skogeierforening og kommunale tilskot.

(Denne summen er ikkje teke med i økonomiske kalkyler i strategisk plan.)

Ansvarleg: Skogeigarlaga og Drammendistriktets skogeierforening.

Tiltak 9: Sykkelvegnettet - heilskapleg miljøsatsing i reiselivet

Hovedtrendane i reiselivet går i retning av auka individuell trafikk med etterspørsel etter aktiv ferie og naturbasert turisme. Sykkelturisme er i ferd med å bli eit svært populært reiselivsprodukt. Prosjektet sykkelvegnett i Hallingdal er i god gang og fyrste etappe vil bli avslutta i 1998, men dette arbeidet må først vidare.

Resultatmål: Sykkelvegnettet i Hallingdal og sykkelstamvegen Krøderen - Haugastøl skal bli eit av dei beste ferietilboda for sykkelturisme i landet.

Arbeidsmåte: Ansvar for å føre vidare prosjektet "Sykkelvegnett i Hallingdal" må leggest til reiselivsnæringa, men kommunane bør ha eit medansvar dei fyrste åra.

Start: 1999 - 2001

Kostnad: 400.000 kroner.

Finansiering: Kommunane, fylkeskommunen og reiselivsnæringa.

Ansvar: Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 10: Kartleggje "akademisk" kompetanse i Hallingdal.

Resultatmål: Database som synleggjer fagmiljø i Hallingdal og som kan bidra til betre utnytting av fagfolk og kompetanse.

Arbeidsmåte: DBC-senteret har gjort eit kartleggjingsarbeid for Gol kommune.

Konklusjonen frå denne registreringa var at eit slikt arbeid bør ha eit regionalt nedslagsfelt. Kompetansen flyt over kommunegrensar og det er naturleg å sjå Hallingdal som ei "kompetanse-eining".

Start/slutt: Først ikkje prioritert.

Kostnad:

Tilpassing Internett:	60.000 kroner
100 kroner pr. registrering x 1.000 =	100.000 kroner
Årleg driftsutgift	20.000 kroner

Finansiering: Regionalutviklingsetaten, næringa og kommunane.

Ansvar: Regionrådet for Hallingdal.

Delmål C:
***Arbeide for å sikre hovudferdselen innan,
og ut og inn av regionen***

Samferdsel er ein av dei viktigaste rammefaktorane for fleire næringar, særleg har reiseliv og industri stort transportbehov. Gode samferdselsløysingar er også viktige for å kunne oppretthalde busetjingsmønsteret i regionen. Avgjerd i større samferdsels spørsmål som er viktige for regionen blir teke i overordna politiske organ. Det er difor viktig å dokumentere fakta, klargjere behov, synleggjere konsekvensar ved ulike løysingar og samarbeide med partar utanfor regionen som har felles interesse. Stortingsmeldingane om samferdsel (april 1997) har t.d. ingen snarleg løysing i fleire samferdsels spørsmål som er viktige for Hallingdal.

Tiltak 11: Prosjektmedarbeidar samferdsel

Resultatmål: Samordna og auka innsats for å betre kommunikasjonsvegane innan og inn til regionen. Viktige tiltak er:

- Heva standard på fleire av riksvegane våre
- Ramsrudhellingane
- Sokna - Ørgenvika
- Kvisla-stigningane
- Sikre vinteropne vegar aust/vest frå Øvre Hallingdal, Rv.7 og Rv.50
- Klargjere konsekvensar i forhold til auka trafikk på rv52.
- Vurdere innkorting av veg Dagali - Rukkedalen
- Jernbanen med krengetog, Ringeriksbanen og stoppmønster i Hallingdal
- Betra kollektivtransport
- Vurdere løysingar for godstransport
- Styrke Geilo lufthavn Dagali

Arbeidsmåte: Prosjektstilling, 3 år

Start: 1998

Kostnad: kr. 1.050.000

Finansiering: Buskerud fylkeskommune, næringslivet og kommunane

Ansvar: Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 12: Strategigruppe Rv. 7

Resultatmål: Ei utgreiing av kva rolle Rv. 7 skal ha som framtidig kommunikasjonsåre aust/vest.

Arbeidsmåte: Det er sett ned ei strategigruppe med medlemmer frå Hardangerrådet og Regionrådet for Hallingdal.

Start/slutt: 1996 -

Kostnad: Administrative kostnader går via årleg budsjett til regionrådet. Eventuelle prosjektkostnader blir handsama undervegs.

Ansvar: Hardangerrådet og Regionrådet for Hallingdal.

5.2. Innsatsområde kompetanse

Delmål D:
***Styrkje utdanningsvegane ut over grunnskulen,
 vidareutdanning/etterutdanning***

Mangel på høgskule/forskningsmiljø er eit stort sagn for Hallingdal. Evne til omstilling og eit høgare kunnskapsnivå vil bli avgjerande for utviklinga i regionen. Eit kompetansesenter vil gje regionen eit kunnskapsmiljø som gjennom undervisning og forskning kan hjelpe verksemdar med produktutvikling og kompetanseheving. Dette vil over tid vere eit viktig tiltak for å heve det generelle kompetansenivået i regionen, og det kan føre til at ein del av vår eigen ungdom finn attende til Hallingdal. (St meld 31, 1997, s. 47). Hallingdal har også miljø innan t.d. reiseliv og naturbaserte næringar som nasjonalt er interessante som forskingsobjekt.

Tiltak 13: Hallingdal kompetansesenter

Fylkestinget vedtok i 1996 å opprette eit kompetansesenter i den fylkeskommunale bygningsmassen til Nesbyen videregående skole. Innstilling til fylkestinget frå arbeidsgruppa var klar hausten 1997, og fylkestinget skal handsame saka før jul 1997.

Kompetansesenteret treng desse tre arbeidsoppgåvene for å bli eit regionalt kraftmiljø:

1. Høgskuleutdanning/forsking som sikrar fagleg tyngde/kompetanse.
2. Livslang læring og verdiskaping i bedrift som sikrar drift/finansiering.
3. Tilretteleggje for offentlege og private organisasjonar som vil ha fagleg og økonomisk nytte av kompetansemiljøet.

Resultatmål: Permanent drift av Hallingdal kompetansesenter.

Arbeidsmåte: Fylkestinget gir ei arbeidsgruppe midlar og mandat til å halde fram med planarbeidet og førebu realisering av kompetansesenteret. Det blir sett ned ressursgrupper med representantar frå næringsliv, utdanning, helse og kultur som skal gi arbeidsgruppa innspel og framlegg til innhald.

Start/slutt: Planfase: 1997 - 1999.
 Forprosjekt og oppbyggingsfase fram mot oppstart av Hallingdal kompetansesenter: 1.8.1999.

Kostnad: Planperioden finansiert av Buskerud Fylkeskommune.
 Investering og drift av Hallingdal kompetansesenter:
 Buskerud fylkeskommune.
 Kostnaden vil bli greidd ut i planprosessen.

Ansvar: Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 14: Tyskkurs - Nordkolleg

- Resultatmål:** Auke tyskkunnskapen til resepsjonistar og folk i leiande stillingar innan reiseliv.
- Arbeidsmåte:** Tyskkurs i samarbeid med Buskerud fylkeskomm. og Nordkolleg, Tyskland. Kurset er sett saman av tre delar: 1. Ca. tre månader kveldsundervisning. 2. Ei veker kurs i Tyskland. 3. Eksamen.
- Start:** 1997-1998.
- Kostnad:** 12.000 kroner pr. deltakar.
Finansiering: $\frac{3}{4}$ i tilskot og $\frac{1}{4}$ eigendel.
- Ansvar:** Fjell og Fjord-Ferie (FFF)

Tiltak 15: Høgskulestudie i arbeidslivskunnskap

- Resultatmål:** Gjennomføre høgskulestudie arbeidslivskunnskap (10 vekttal).
- Arbeidsgang:** Prosjektlear for Hallingdal kompetansesenter i samarbeid med Høgskulen i Buskerud planlegg eit studie i arbeidslivskunnskap etter Sigdal-modellen.
- Start/slutt:** 1998/99.
- Kostnad:** ca. 600.000 kroner
Finansiering: BU-midlar, Nasjonalt råd for distriktsaktiv skule og komm.
- Ansvar:** Arbeidsgruppe Hallingdal kompetansesenter og Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 16: Strategigruppe for vidaregåande skular i Hallingdal

- Resultatmål:** Sikre samsvar mellom tilbod og elevsøking/behov i regionen og arbeide for økonomiske rammer som gjer det mogeleg å halde oppe eit breitt fagtilbod.
- Arbeidsmåte:** Regionrådet opprettar ei strategigruppe for dei vidaregåande skulane i Hallingdal med rektorane for dei to framtidige skulane, regionrådsleiaren og i tillegg representantar som regionrådet bestemmer. Konkrete arbeidsoppgåver kan vere å arbeide for at tilbod som det finst berre få eller eitt av i fylket kan bli lokalisert til Hallingdal, og at det blir lagt til rette for eit utvida samarbeid med Telemark og Oppland fylkeskommunar om tilbod det er naturleg å lokalisere til Hallingdal.
- Start:** 1999 - 2001
- Kostnad:** 10.000 kroner pr. år.
- Ansvar:** Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 17: Kortkurs i lokalkjennskap og tradisjon for sesongarbeidarar.

- Resultatmål:** Heve kvaliteten på reiselivsprodukt.
- Arbeidsmåte:** Korte kurs for sesongarbeidarar med kurshaldarar innan lokalkjennskap og tradisjon.
- Start:** Førebels ikkje prioritert
- Kostnad:** ?
- Ansvar:** Reiselivsnæringa

Delmål E:
Betra samarbeid skule - næringsliv

Arbeidskontor, næringsliv og utdanningsinstitusjonar etterlyser samsvar mellom utdanningsval, tilbod og behov i Hallingdal.

Tiltak 18: Møtestad for rådgjevartenesta og næringsinteressene.

Resultatmål: Kontinuerleg vurdering og drøfting av utdanningstilbod og behov i Hallingdal.

Arbeidsmåte: Årleg møte/seminar for rådgjevartenesta i ungdomskule og vidaregåande skule, næringslivsrepresentantar og Arbeidskontoret for Hallingdal. Møtet/seminaret skal oppdatere rådgjevartenesta, vurdere tilbod og etterspørsel og vere eit forum for utveksling og utprøving av nye idear. NHO/Partnerskap kan vere ein av medspelarane.

Start: 1999 - 2001

Kostnad: Årleg kostnad: 10.000 kroner.
Arbeidskontoret for Hallingdal dekkjer felles administrative kostnader.
Deltakarane dekkjer eigne administrative utgifter.

Ansvar: Arbeidskontoret for Hallingdal.

Tiltak 19: Kartleggje kompetansebehov i entreprenørbransjen og industri.

Resultatmål: Avdekkje eventuelle sprik mellom behov og utdanningstilbod.

Arbeidsmåte: DBC-senteret har gjort eit kartleggingsarbeid for reiselivet. Kartleggingsarbeidet kan gjerast etter same mal. Arbeidskontoret og næringa må samarbeide om kartlegginga.

Start/slutt: 1998

Kostnad: Kartlegging entreprenørbransjen: 110.000 kroner
Kartlegging industrikompetanse: 70.000 kroner
Finansiering: Buskerud fylkeskommune, regionalutviklingssetaten, kommunane og næringa.

Ansvar: Regionrådet for Hallingdal/Arbeidskontoret for Hallingdal.

Delmål F:
Gje ungdom innsikt og informasjon
om tradisjon, vekst og framtid i Hallingdal.

Ungdomen er den viktigaste ressursen i det framtidige Hallingdal. Vi treng ungdom som kan og vil omstille og nyskape ut frå eigen kompetanse og ut frå lokale ressursar og behov. Regionen må arbeide aktivt for å gje ungdomen innsikt i næringsliv og verdiskaping og gje dei tru på ei framtid i ei av bygdene i Hallingdal. Denne oppgåva krev samarbeid mellom politikarar, utdanningsinstitusjonane og næringslivet.

Tiltak 20: Prosjekt retta mot ungdom.

- Resultatmål:** Utarbeide eit regionalt program retta mot ungdom under utdanning.
- Arbeidsmåte:** I samarbeid med fylkeskommunen v/regionalutviklingsetaten skal Regionrådet arbeide med m.a. desse oppgåvene:
Distriktsaktiv skule og entreprenørskap. Vere ein pådrivar i kommunale prosessar. Praktiske marknadsføringstiltak retta mot ungdom i yrkesutdanning. Drive ein prosess som skal resultere i eit politisk handlingsprogram retta mot ungdom under utdanning der målsetjinga er å vise at Hallingdal kan vere eit godt alternativ for virke og bustad.
- Start/slutt:** 1998 -1999.
- Kostnad:** 600.000 kroner
 Finansiering: Fylkeskomm. prosjektmidlar, komm. næringsfond, BU-midlar.
- Ansvarleg:** Regionrådet for Hallingdal/fylkeskommunen, regionalutviklingsetaten.

Tiltak 21: Uteskule og naturkjennskap i grunnskulen.

- Resultatmål:** Sikre og utvikle eit regionalt tilbod som gir grunnskuleelevar praktisk innføring og kunnskap om naturverdiar i Hallingdal.
- Arbeidsmåte:** Fagerli leirskule får status som regional leirskule og gir eit ekskursjons-tilbod til elevar i 5-7. klasse.
 Rektor ved leirskulen får ansvar for å gjennomføre eit årleg møte med kommunale “miljølærarar” til gjensidig nytte og for praktisk planlegging.
- Start:** Førebels ikkje prioritert.
- Kostnad:** 10.000 kroner pr. år til nettverksmøte.
 100 kroner pr. elev for å dekke materiell og løn. Skysskostnadar kjem i tillegg.
 Finansiering: Kommunane.
- Ansvar:** Fagerli leirskule.

Tiltak x: Vegleiaropplæring i kultur- og naturbasert reiseliv.

- Resultatmål:** Gje tilsette i turistbedrifter, lærarar o.a. interesserte innføring i tradisjons-kunnskap knytta til ferdsel i og bruk av natur som næring og som rekreasjon.
- Arbeidsmåte:** Korte kurs etter modell av vegleiaropplæringa ved Norges Høgskule.
 Kurshaldarar: Fagfolk innan landbruk/natur- og kulturforvaltning.
- Ansvar:** Regionrådet for Hallingdal.

5.3 Innsatsområde profilering/informasjon

Delmål G:
Gje Hallingdal eit felles andlet

Hallingdal er innarbeidd som namn på regionen - ein region som i folketal er på storleik med ein norsk småby. Hallingdalsnamnet kling godt i dei fleste øyre og bør nyttast meir aktivt for å styrke samkjensla i regionen.

Tiltak 22: Retningsliner for bruk av regionlogo

Resultatmål: Avklare bruksområde for region-logo som felles symbol for Hallingdal.
Arbeidsmåte: Regionrådsleiaren i samarbeid med interessegrupper arbeider ut retningsliner.
Start/slutt: 1997
Kostnad: Ingen
Ansvar: Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 23: Felles mal - kulturhistoriske vegbøker

Kulturhistoriske vegbøker skal gjennom tekst og bilete formidle smakebitar frå dei enkelte kommunane. Ei slik bok vil gje reisande større utbytte av turen, fastbuande kan finne nytt og interessant stoff og det kan bli ei lokalhistorisk lærebok for skuleelevar i Hallingdal

Resultatmål: Lage ein mal som gir dei kommunale vegbøkene ei lik utforming.
Arbeidsmåte: Engasjere ein fagperson/fagleg instans til å lage ein mal som regionrådet saman med fagfolk skal godkjenne.
Start/slutt: 1999 - 2001
Kostnad: 20.000 kroner
 Finansiert av regionrådet og tilskot frå lokale bankar.
Ansvar: Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 24: Regional museumsplan - samla presentasjon

Resultatmål: Bruke den regionale museumsplanen i aktiv marknadsføring av musea i dalen, og synleggjere dei som del av det samla kulturpotensialet.
Arbeidsmåte: Vidareføring av arbeid lagt til Hallingdal Folkemuseum.
Start: 1999 - 2001
Kostnad: ?
Ansvar: Hallingdal Folkemuseum.

Tiltak 25. Hallingdialekt og reiseliv.

Regionrådet og reiselivsnæringa ynskjer å støtte eit FoU-prosjekt som fokuserer på dialektbruk i reiselivet.

Start: 1999 - 2001
Kostnad: 40.000 kroner
Ansvar: Regionrådet.

Tiltak x: Kulturhistoriske vegbøker

Resultatmål: Eit kulturhistorisk hefte til overkomeleg pris for kvar av kommunane.
Arbeidsgang: Innsamling, administrering, finansiering og framdrift blir styrt av kvar enkelt kommune.
Start: Førebels ikkje prioritert
Kostnad: 150.000 kroner pr. kommune. Finansiert av kommunale midlar, annonsar, bankar og sal.
Ansvarleg: Den enkelte kommune.

***Delmål H:
Gjere kulturlandskapet rundt oss vakrere.***

Hytter, hus, driftsbygningar og næringsbygg er ein viktig del av vår kultur og vår tradisjon. Difor bør det liggje bevisste val bak arkitektur og materialbruk. I tillegg bør både private og det offentlege kjenne ansvar for å pynte opp i uterommet rundt oss. Dette gir velvære for innbyggjarane og tilreisande får eit positivt fyrste møte med kulturlandskapet vårt.

Tiltak 26: Felles estetiske retningslinjer.

Felles bruk av vedtekter i Plan- og bygningslova kan også vere med på å betre det visuelle biletet i Hallingdal.

Resultatmål: Felles praktisering av bygningslova innan nokre utvalde område.
Arbeidsmåte: Eit årleg møte/seminar med dei tekniske sjefane i Hallingdal og fagfolk utnemnde av Regionrådet, drøftar regelverk og konkrete problemstillingar i regionen. Kan t.d. kome med tilrådingar til kommunale utval og kåre "årets skilt".
Start: Førebels ikkje prioritert.
Kostnad: Administrasjonsutgifter dekkja av kvar enkelt kommune.
Ansvarleg: Tekniske sjefane i Hallingdal/Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 27: Regional byggjeskikkpris.

- Resultatmål:** Bevisstgjere byggherrar i Hallingdal om samspelet mellom byggetradisjon og kulturlandskap.
- Arbeidsmåte:** Eit årleg møte/seminar med dei tekniske sjefane i Hallingdal og fagfolk utnemnde av Regionrådet, plukkar ut ein vinnar av innkomne framlegg.
- Start:** Førebels ikkje prioritert
- Kostnad:** Årleg kostnad: 30.000 kroner
Finansiert av Regionrådet for Hallingdal.
- Ansvarleg:** Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 28: Konteinerkamufasje

- Resultatmål:** Konkrete framlegg til kamufasje av konteinerar og realisere minst 6 "kamufleringar".
- Arbeidsmåte:** Hallingdal Renovasjon utlyser ein konkurranse og utnemner ein jury.
Alternativ 1: Teiknekonkurranse mynta på skuleelevar i Hallingdal.
Alternativ 2: Arkitektkonkurranse/dekorkonkurranse mynta på arkitekt- og kunstnarmiljø i Hallingdal.
- Start/slutt:** Førebels ikkje prioritert.
- Kostnad:** ?
Finansiert av Hallingdal Renovasjon og prosjektmidlar frå m.a. fylket.
- Ansvar** Hallingdal Renovasjon (eventuelt i samarbeid med Regionrådet for Hallingdal)

Tiltak 29: Skilting og estetikk langs riksvegane i Hallingdal

- Resultatmål:** Samla plan og utforming av
- rasteplassar langs riksvegane i Hallingdal.
- informasjonstavler og skiltprofil. (**jf. reiselivsplanen pkt. 3.2.**)
- Arbeidsmåte:** Eit samarbeid mellom Statens vegvesen, reiselivslag og fagfolk innan kultur, natur og tradisjon.
- Start:** 1999 - 2001
- Kostnad:** ?
- Ansvar:** Statens vegvesen/Regionrådet for Hallingdal

Tiltak x: Informasjonshefte om byggeskikk og bok om byggetradisjon

- Resultatmål:** Bevisstgjere byggherrar og auke bruken av lokale handverkarar ved å lage eit informasjonshefte med gode råd, praktiske opplysningar og informasjon om nybygging, restaurering og bevaring, og som del 2 lage ei innbunden praktbok om byggeskikk i Hallingdal
- Arbeidsmåte:** Fagperson går gjennom bygningshistorie, samlar dokumentasjon og lagar ein kortfatta presentasjon med typiske døme og med råd om lokal byggeskikk i dag. Tidsbruk: ca. ½ årsverk.
Ein redaktør registrerer lokale fagfolk, arkitektar, byggmeistarar, lokale leverandørar og lagar lister over kontaktpersonar, støtteordningar o.a.

- Del 2, bok om byggetradisjon, bør vere resultatet av eit lengre forskningsprosjekt.
- Kostnad:** 850.000 kroner.
- Ansvar:** Finansiert ved annonsar, sal, fylkeskommunen, bankar og kommunane. Hallingdal Folkemuseum og Regionrådet for Hallingdal.

Delmål I:
Samordne informasjonsarbeidet internt og utover-retta

Informasjonsteknologi er i ferd med å revolusjonere informasjonsmedia, infrastrukturen og informasjonsbruken. Informasjonsmengda er uendeleg, produksjonen er enorm og teknologien opnar nye dører. Ei regional satsing på dette område vil betre kunne utnytte det potensialet som ligg i IT og EDB, og det vil styrke både informasjonsutvekslinga internt og det utover-retta informasjonsarbeid. Utfordringa ligg i elektronisk samhandling med andre sektorar i samfunnet, formidling av samfunnsinformasjon og elektronisk sakshandsaming og informasjonsutveksling.

Tiltak 30: Informasjonssenter for

- Avklaringar:** Skal informasjonssenteret vere eit offentleg informasjonskontor, eit felles “turistkontor” for Hallingdal eller begge delar?
 Skal informasjonssenteret berre drive informasjonsarbeid, eller skal det også vere med å utvikle eit regionalt miljø innan IT-kompetanse?
- Resultatmål:** Eit forprosjekt som greier ut korleis Hallingdal gjennom eit informasjonssenter kan ivareta regionalt og utover-retta informasjonsbehov.
- Arbeidsmåte:** Ei brei arbeidsgruppe sett ned av deltakarar på IT-konferansen (tiltak 31) utformar ein modell for eit informasjonssenter.
- Start/slutt:** Forprosjekt: 1998.
- Kostnad:** Forprosjekt: 40.000 kroner
 Finansiering: Regionrådet for Hallingdal og næringa.
- Ansvar:** Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 31: IT-konferanse

- Resultatmål:** Avdekkje behov, ynskje og utviklingspotensiale i ei regional IT-satsing
- Arbeidsmåte:** EDB-utvalet for Hallingdal planlegg og gjennomfører konferansen med eksterne forelesarar og med deltakarar frå offentleg forvaltning, næringsliv, utdanning, helse og kultur.
- Tidspunkt:** Førebels ikkje prioritert.
- Kostnad:** 20.000 kroner
 Finansiering: Regionrådet for Hallingdal.
- Ansvar:** EDB-utvalet for Hallingdal/Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 32: Internett-presentasjon av Hallingdal

Resultatmål: Felles design og mal for kva informasjon og tenester som skal vere tilgjengelege for publikum, ei felles “omslagsside”.

Arbeidsmåte: Rådmannsutvalet set ned ei gruppe som arbeider fram retningslinjer og budsjett for oppretting og drift av kommunale nettsider med eit regionalt omslag. Kommunane må stå fritt til å opprette egne sider og kommunane må sjølv stå ansvarleg for a jour-hald av sine egne kommunesider. (Arbeidsgruppa bør også vurdere **felles informasjonsavis** som eit del-

produkt)

Start/slutt: 1999 - 2001

Kostnad: 100.000 kroner

Finansiering: Regionrådet, kommunane og næringslivet.

Ansvar: Rådmannsutvalet/Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 33: Naturinformasjon (Reiselivsplanen pkt. 2.1)

Presset på “urørt” natur vil auke frå to brukargrupper: Fastbuande og tilreisande innan kultur- og naturbasert reiseliv. Dei blir ei viktig oppgåve å kanalisere og dempe presset på enkelte område. Fastbuande og turistar treng informasjon om korleis dei kan bruke og ikkje forbruke.

Resultatmål: Auke attraksjonsverdien av eit område og samstundes ta vare på ressursane.

Arbeidsmåte: Utvikle betre informasjonsmateriale om eit naturområde med læring om bruk og vern av naturen.

Reiselivsplanen gjer framlegg om at eit pilotprosjekt kan vere:

Randsona rundt Hardangervidda.

Samarbeidspartar: Landbruksnæringa, grunneigarar, fagmiljø.

Start/slutt: Førebels ikkje prioritert

Kostnad: 150.000 kroner.

Finansiering: Aktuell kommune, BU-fond, regionalutviklingsmidlar, næringa

Ansvar: Regionrådet for Hallingdal og næringa.

Tiltak x: Informasjonsmedarbeidar

Resultatmål: Felles plattform for regional informasjon/profilering og eit betra utover-retta informasjonsarbeid.

Arbeidsmåte: Tilsetje informasjonsmedarbeidar i regional prosjektstilling der hovudoppgåva blir å samordne det regionale informasjonsarbeidet og å drive utover-retta informasjonsarbeid.

Informasjonsarbeidaren vil også måtte vere ein medspelar og pådrivar i regionale tiltak som sorterer under informasjon/profilering.

Kostnad: 1.050.000 kroner.

Finansiering: Fylkeskommunen og kommunane i Hallingdal.

Ansvar: Regionrådet for Hallingdal.

5.4 Innsatsområde regional organisering

Delmål J:
***Gjennom tettare samarbeid mellom kommuneadministrasjonane
 utvide fagmiljø og dra spisskompetanse til regionen
 - og eventuelt effektivisere og økonomisere ressursbruken.***

Skal Hallingdal overleve som seks sjølvstendige kommunar, må Hallingdalskommunane syne vilje til praktisk interkommunalt samarbeid. Eit tettare administrativt samarbeid må ha som målsetjing å skape høveleg store einingar for spisskompetanse og ulike fagmiljø, kompetanseutveksling og meir effektiv (økonomisk) ressursbruk.

Tiltak 34: Forsikring

Resultatmål: Innhente felles tilbod på forsikring, inkl. gruppeliv og yrkesskade.
Arbeidsmåte: Regionrådsleiar i samarbeid med representantar frå rådmannsutvalet lagar tilbodsdokument og innhentar tilbod.
Start: 1997
Kostnad: Økonomisk gevinst.
Ansvar: Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 35: Felles drift av vatn- og avløpsanlegg

Resultatmål: Vurdere samarbeidsformer med tanke på eit nærare samarbeid for drift av vatn- og avløpsanlegg, inkludert vaktordning. Målet er betre ressursutnytting, auka kompetanse og økonomisk gevinst.
Arbeidsmåte: Arbeidsgruppe med representantar frå kommunane, fylkesmannen, fylkeskommunen og regionrådet.
Start: 1997
Kostnad: Forprosjekt kr. 100.000
 Finansiering: Buskerud fylkeskommune og kommunane.
 Framtidig økonomisk gevinst.
Ansvar: Regionrådsleiar.

Tiltak 36: Felles legevaktsentral

Kommunane i Hallingdal har hatt vanskar med å bygge opp legevaktsentral i tråd med krava i forskrift om medisinsk nødmeldetjeneste. Hallingdal sjukestugu har gjeve kommunane i Hallingdal tilbod om legevaktsentral-tjeneste i tråd med gjeldande krav.

Resultatmål: Dersom dette syner seg å vere ei god løysing kvalitetsmessig og/eller økonomisk bør det arbeidast for ein felles LV-sentral for Hallingdal.
Arbeidsmåte: Arbeidsgruppe skal vurdere aktuelle løysingar
Start: 1997
Kostnad: 0-tiltak
Ansvar: Rådmannsutvalet.

Tiltak 37: EDB-nettverk.

Resultatmål: Ei samordning av EDB- tenestene vil kunne føre til:

- effektivisering/rasjonaliseringsgevinst som kan frigjere ressursar
- kvalitetsgevinst internt og eksternt
- strategisk gevinst for å realisere langsiktige mål med m.a. eit "tettare" samarbeid på sakshandsamar-nivå.

Arbeidsmåte: Det er sett ned eit EDB-utval med representantar frå alle kommunar. Dette er valt for inneverande valperiode. Utvalet har som mandat å gjere vurderingar og kome med tilråding for mogelege fellestiltak innan EDB.

Start: 1996

Kostnad: Ein av føresetnadane er at dette tiltaket vil gje økonomiske innsparingar.

Ansvar: Rådmannsutvalet/Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 38: Felles innkjøp

Resultatmål: Samarbeid om felles innkjøp og tenester innan område der ein kan oppnå fordelar ved å vera "større". Effekten kan m.a. vere i form av kvalitet, service og økonomisk gevinst.

Arbeidsmåte: Eiga innkjøpsgruppe med visse fullmakter.

Start: Innkjøpsgruppe er etablert.

Kostnad: Økonomisk gevinst.

Ansvar: Rådmannsutvalet.

Tiltak 39: Samarbeid resurskrevjande brukerar

Resultatmål: Interkommunale løysingar som med styrka fagmiljø og samordna kompetanse kan gje klientane eit betre tilbod.

Arbeidsmåte: Rapport (16.1.1997) frå nedsett prosjektgruppe skisserer m.a. følgjande:

- etablere administrative løysingar for kjøp og sal av tenester.
- interkommunal opplæringsordning.
- arbeide for å gjere 2.linje-tenesta og spesialtenesta tilgjengelege i regionen.

Start: 1998

Kostnad: Ingen kostnad ut over innarbeidde budsjett.

Ansvar: Rådmannsutvalet.

Tiltak 40: Samarbeid innan barnevernet

Resultatmål: Det overordna målet er å betre kompetansen, styrke kvaliteten og effektiviteten av det barneverns-faglege arbeidet i kommunane. Fagleg bistand og rettleiing i behandling av tyngre barnevernsaker er og eit hovudpunkt.

Arbeidsmåte: Det må setjast ned ei arbeidsgruppe som vurderer aktuelle samarbeidsformer, med bakgrunn i dei erfaringar som er hausta i andre regionar.

Start: 1999 - 2001

Kostnad: Ingen økonomisk kostnad

Ansvar: Rådmannsutvalet.

Tiltak 41: Samhall - eit regionalt helse-, sosial- og familiesenter

Problem og sjukdommar knyta til samliv, samarbeid og samfunnskrav er i dag den store utfordringa for helsevesenet. Sam-sjukdommane stiller store krav til heilskapstenking og oppbygging av ny kompetanse. Arbeidspress og mangel på kompetanse i små einingar aktualiserer eit tettare samarbeid i regionen. Aktuelle partar: helsevesenet, sosialtenesta, barnevernet, familievernet, PPT, bedriftshelsetenesta, kyrkja, fylke og stat. Ei sjølvopnemnd arbeidsgruppe har laga ei idéskisse for eit slikt ressurscenter.

Resultatmål: Utvikle ein modell for og opprette eit regionalt helse-, sosial- og familiesenter for Hallingdalskommunane.

Arbeidsmåte: Regionrådet gir ei arbeidsgruppe mandat til å arbeide ut ein modell og drive prosessen fram til senteret er oppretta. Frigjort arbeidstid for leiar av gruppa. Det regionale ressurscenteret bør samarbeide med fylkeskommunale og statlege verksemdar knytte til Hallingdal sjukestugu.

Start: 1998.

Kostnad: 50.000 kroner.

Finansiering: Prosjektmidlar og kommunane i Hallingdal.

Etter oppstart:

Omdisponering av eksisterande kommunale stillingar, kommunale og fylkeskommunale midlar, private og statlege institusjonar, prosjektmidlar.

Ansvar: Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 42: Lokalhistoriske arkiv i nettverk

Resultatmål: Knyte lokalhistoriske arkiv, museum og bibliotek saman i eitt nettverk og gjere ei deling av ansvarsområde mellom dei ulike kommunane.

Arbeidsmåte: Kultursektorane i dalen arbeider med dette tiltaket.

Målet er å gjere ei arbeidsdeling der t.d Hol byggjer opp kompetanse innafor foto, Ål rosemåling, Hemsedal kulturlandskap osv.

Kompetanseoppbygging vil truleg krevje nyttilsetjing.

Start: 1999 - 2001

Kostnad: 150.000 kroner pr. år pr. arkiv som får status som regionalt kompetansesenter.

Ansvar: Kultursjefane/Regionrådet for Hallingdal

Tiltak 43: Hallingdal kulturskule

Fem av kommunane i regionen har musikk-/kulturskule. I dag samarbeider desse for å dekkje ulike fagfelt. Kvar for seg er skulane dyre å administrere og drive og dermed truga av nedlegging. Fleire av fagmiljøa er små. Kommunane har i dag ulike målsetjingar og gir ulike økonomiske rammer.

Resultatmål: Avklare tilhøva i dei ulike kommunane for å kunne ta stilling til eit endå tettare samarbeid i Hallingdal, eventuelt ein Hallingdal kulturskule.

Arbeidsmåte: Rektorane i dei kommunale musikk-/kulturskulane lagar ei utgreiing/ eit saksdokument som kan vise ulike samarbeidsmodellar og som kan

- vere grunnlag for m.a. politiske drøftingar/føringar på kva ein vil med ein kulturskule.
- Start/slutt:** 1999 - 2001
- Kostnad:** 40.000 kroner.
- Finansiering: Kommunane i Hallingdal
- Ansvar:** Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak 44: Miljøretta helsevern

Miljøretta helsevern omfattar miljøhygiene, ulykkesførebyggjande arbeid, sosiale miljøfaktorar og ernæringsarbeid. Det er særleg innan miljøhygiene at kommunane manglar kompetanse. Frå sentralt hald er målsetjinga ein person med teknisk hygienisk kompetanse pr. 10.000 innbyggjar. I dag har næringsmiddeltilsynet i Hallingdal ei stilling knyta til arbeid med drikkevatt.

Andre aktuelle arbeidsoppgåver vil vere: Vurdering av inneklima i offentlege bygg, samordne inspeksjonsrutinar retta mot turistbedrifter, samarbeide med miljøkontora og bygge opp ein interkommunal base med kompetanse og utstyr for å kunne gjennomføre teknisk hygieniske målingar, t.d. inneklima, støy, radon og forureining.

- Resultatmål:** Utvida interkommunalt samarbeid innan miljøretta helsevern knyta til næringsmiddeltilsynet.
- Arbeidsmåte** Arbeidsgruppe vurderer ulike modellar. Frigjort arbeidstid for leiar av gruppa.
- Start:** Førebels ikkje prioritert.
- Kostnad:** 50.000 kroner
- Finansiering: Kommunane i Hallingdal.
- Ansvar:** Regionrådet for Hallingdal.

Tiltak x: Personalsamarbeid

- Resultatmål:** Nærare samarbeid innan område som opplæring, etterutdannings-planar, vidareutdanning, organisasjonsutvikling og felles kompetanse- og ressursutnytting - med event. kjøp og sal av tenester.
- Arbeidsmåte:** Tiltak vil i stor grad vere å strukturere og tenke regionalt.
- Kostnad:** Økonomisk gevinst
- Ansvar:** Rådmannsutvalet.

Tiltak x: Økonomisektoren

- Resultatmål:** Samarbeid på økonomisektoren innan område som innfordringsrutinar, inkasso, informasjon, kjøp av spesialtenester og opplæring.
- Arbeidsmåte:** Formalisert samarbeid
- Kostnad:** Prosjektet bør ha økonomisk gevinst.
- Ansvar:** Rådmannsutvalet.

Tiltak x: Regionalt kulturregister

- Resultatmål:** Database som synleggjer og kan effektivisere bruken av t.d. teknisk utstyr.
- Arbeidsmåte:** Ein person får i oppgåve å lage eit register for Hallingdal etter modell av Norsk kulturregister. Oppdatering/drift blir lagt til ein av kulturetatane i

Kostnad: regionen, eventuelt Ål kulturhus.
100.000 kroner.
Driftskostnader pr. år: 20.000 kroner

Ansvar: Kultursjefane.

Tiltak x: Vurdere felles miljøkontor for Hallingdal

Resultatmål: Vurdere felles miljøkontor for Hallingdal. Målet er m.a.:

- bedre ressursutnytting
- moglegheit for spisskompetanse på aktuelle fagområde
- felles handheving av regelverk
- felles arealplanlegging

Arbeidsmåte: Arbeidsgruppe sett ned av regionrådet.

Kostnad: 100.000
Finansiert av kommunane og Buskerud fylke.

Ansvar: Regionrådet for Hallingdal.

Næringsprosjekt med regional status.

Tiltak 45: Bjørneparken - senter for natur og villmarksopplevelingar

Eit regionalt prosjekt i nedre del av regionen vil ha positive ringverknadar for reiselivet i Hallingdal. Bjørneparken byggjer på naturlege føresetnader og har potensiale til å bli eit senter for natur- og villmarksoppleving.

Ansvar: Flå kommune

Tiltak 46: Hallingparken

Eit regionalt prosjekt som er tenkt å innehalde travbane, ryttarsenter, planetarium og eksperimentarium. Regionalt må ein avklare korleis meteorittkrateret på Garnås kan bli ein museumsfagleg og publikumsvennleg del av Hallingparken

Ansvar: Nes kommune

Tiltak 47: Storøyne

Eit regionalt prosjekt som skal bli ein kultur- og miljøpark, med m.a. Norsk matmuseum, middelalderbygningar ved Gol Stavkyrkje og rekreasjonsområde.

Ansvar: Gol kommune

Tiltak 48: Geilosmiu

Ideen går ut på å synleggjere Hol kommune sine lange tradisjonar innan jernutvinning og smitradisjon i eit levande industrimiljø. Det skal byggjast opp eit museum og ei smie der publikum kan få høve til å smi. Utstillinga skal syne vår nære fortid fram til bygdasmiene og industrialiseringa på Geilo.

Ansvar: Hol kommune

Tiltak 49: Utstillings- og aktivitetsområde i Ål

Det skal skapast ein "folkepark" med basis i den tradisjon og dei aktivitetane ein opplever under Ål-utstillinga i dag, som heilårstilbod for turistar og fastbuande. Det skal vidareutviklast dei naturgitte ressursane på området, og dei sterke banda ein har til lokalmiljøet m.a. innan landbruk og kultur.

Ansvar: Ål kommune/Ål-utstillinga

Økonomisk oversikt og framlegg til kostnadsdeling

BIDRAGSYTAR	1998	1999	2000	2001	SUM
Kommunane	390 000	390 000	300 000	260 000	1 340 000
Fylkeskommunen	330 000	390 000	300 000	260 000	1 280 000
Fylkesmannen, (FMLA)	130 000	200 000	100 000	40 000	470 000
Næringslivet	70 000	70 000	50 000	50 000	240 000
Andre (stat, bankar m.m)		70 000	50 000	20 000	140 000
SUM	920 000	1 120 000	800 000	630 000	3 470 000

Økonomisk oversikt, forslag til kostnadsdeling

Tabellen syner ei økonomisk oversikt med bakgrunn i tiltaksplanen, for dei tiltak som er prioritert i perioden 1998 - 2001 (vedlegg 1). Det er og gjort eit framlegg til kostnadsdeling ut frå dei finansieringskjelder som er aktuelle, jmf. pkt. 6.1.

"Hallingdalsmagneten" og uprioriterte tiltak er ikkje med i den økonomiske oversikta.

Tiltak nr.8 "auka verdiskapning i skogbruket i Hallingdal" har førebels ei usikker kostnadsramme og er ikkje teke med. For dette tiltaket må det gjerast ei nærare vurdering.

Nokre få tiltak har ei usikker kostnadsramme. Dette kan gje mindre endringar i sluttsummane.

Det er heller ikkje rekna kostnad for tiltak som ikkje vil gje kommunane utgifter, og som må vurderast nærare av dei som naturleg vil stå ansvarleg for tiltaket.

Næringsprosjekt med regional status er tiltak som er etablerte eller er i planleggingsfasen. Dette er prosjekt som har fått og vil kunne få offentleg støtte i framtida. Av offentlege midlar vil desse prosjekta fyrst og fremst kunne få støtte frå fylke og stat.

Ein samstemt region er med på å gje desse prosjekta regional status, noko som er viktig både ved etablering, drift og vidare utvikling.

Tiltak, strategisk plan for Hallingdal, 1998 - 2001

Vedlegg 1

	Innsatsområde, delmål og tiltak	Ansvar	Total kostnad	Kommunal kostnad
1	“Hallingdalsmagneten”, eit statleg prøveprosjekt	Regionrådet	1.200.000	0

Tiltak som er i gang:

12	Strategi-gruppe Rv. 7	Regionrådet/Hardangerrådet	?	
22	Retningslinjer for bruk av regionlogo	Regionrådet	0-tiltak	
34	Forsikring	Regionråd	+tiltak	
35	Felles drift av vatn- og avløpsanlegg	Regionrådsleiaren	100.000	50.000
36	Felles legevaktsentral	Rådmann-utvalet	0-tiltak	
37	EDB-nettverk	Rådmann-utvalet	+tiltak	
38	Felles innkjøp	Rådmann-utvalet	+tiltak	

Tiltak prioritert i 1998:

2	Utvikle modell for næringspolitisk arbeid	Regionrådet	150 000	60 000
7	Prosjekt trearbeids-industri	Regionrådet	150 000	50 000
8	Prosjekt for auka verdiskaping i skogbruket i Hallingdal	Drammensdistriktets Skogeierforening		
11	Prosjektmedarbeidar samferdsel	Regionrådet	1.050.000	420.000
13	Hallingdal kompetansesenter	Buskerud fylkeskommune		
20	Prosjekt retta mot ungdom	Regionrådet	600.000	200.000
30	Informasjonssenter - eit forprosjekt	Regionrådet	40.000	20.000
39	Samarbeid ressurskrevjande brukarar	Rådmann-utvalet	+tiltak	
41	Samhall - eit regionalt helse-, sosial- og familiesenter	Regionrådet	50.000	50.000

Tiltak prioritert i perioden 1999 - 2001:

3	Regionalt SND-kontor	Regionrådet	0-tiltak	
4	Regionalt BU-fond	Regionrådet	0-tiltak	
5	“Etablering gir vekst for alle”	Næringsmedarbeidarar	0-tiltak	
6	Multimedie-presentasjon av Hallingdal (Hallingdal kompetansesenter)	Arbeidsgruppa	300.000	?
9	Sykkelvegnettet - heilskapleg miljøatsing i reiselivet	Regionrådet	400.000	200.000
16	Strategi-gruppe for vidaregåande skular i Hallingdal	Regionrådet	40.000	40.000
18	Møtestad for rådgjevartenesta og dei regionale næringsinteressene	Arbeidskontoret for Hallingdal	40.000	0
23	Felles mal - kulturhistoriske vegbøker	Regionrådet	20.000	10.000
24	Regional museumsplan - samla presentasjon	Hallingdal folkemuseum	?	0
25	Hallingdialekt og reiseliv	Regionrådet	40.000	10.000
29	Skilting og estetikk langs riksvegane i Hallingdal	Statens vegvesen	?	?
32	Internett-presentasjon av kommunane i Hallingdal	Rådmann-utvalet	100.000	60.000
40	Samarbeid innan barnevernet	Rådmann-utvalet	+tiltak	
42	Lokalhistoriske arkiv i nettverk	Kulturetatane/Regionrådet	450.000	180.000
43	Hallingdal kulturskule	Regionrådet	40.000	40.000

Andre aktuelle tiltak:

10	Kartlegge “akademisk” kompetanse i Hallingdal	Regionrådet	180 000	60.000
14	Tyskkurs - Nordkollegg	Fjell & Fjord-Ferie/Regionrådet	120.000	0
15	Høgskulestudie i arbeidslivskunnskap (Hallingdal kompetansesenter)	Arbeidsgruppa	600 000	200 000
17	Kortkurs i lokalkjennskap og tradisjon for sesongarbeidarar	Næringa	?	0
19	Kartlegge kompetansebehov i entreprenørbransje og industri	Regionrådet	180.000	70.000
21	Uteskule og naturkjennskap i grunnskulen	Fagerli leirskule	40.000	40.000
26	Felles estetiske retningslinjer	Regionrådet	40.000	40.000
27	Regional byggeskikkpris	Regionrådet	30.000	30.000
28	Konteiner-kamouflasje	Hallingdal renovasjon	?	0
31	IT-konferanse	EDB-utval	20.000	20.000
33	Naturinformasjon, (reiselivsplanen pkt. 2.1)	Regionrådet	150.000	50.000
44	Miljøretta helsevern	Regionrådet	50.000	50.000
x	Regionalt ungdoms-/kulturstipend	Regionrådet	100.000/år	
x	Vegleiaropplæring i kultur- og naturbasert reiseliv	Regionrådet		
x	Kultuhistoriske vegbøker	Kommunane	900.000	
x	Informasjonshefte om byggeskikk og bok om byggetradisjon	Hallingdal folkemuseum	850.000	
x	Informasjonsmedarbeidar	Regionrådet	1.000.000	
x	Personalsamarbeid	Rådmann-utvalet	+tiltak	
x	Økonomisektoren	Rådmann-utvalet	+tiltak	
x	Regionalt kulturregister	Kultur-sjefane	100.000	
x	Vurdere felles miljøkontor for Hallingdal	Regionrådet	100.000	

Prioriterte næringsprosjekt med regional status:

45	Bjørneparken - senter for natur og villmarksopplevingar	Flå		
46	Hallingparken med presentasjon av meteorittkrater	Nes		
47	Storøyne kultur- og miljøpark	Gol		
48	Geilosmiu	Hol		
49	Utstillings- og aktivitetsområde i Ål	Ål		

Vedlegg 2

Aktuelle tiltak i strategisk næringsplan for Buskerud fylke

Med bakgrunn i dei 4 innsatsområda gjer styringsgruppa framlegg om at følgjande strategiar og tiltak blir lagt til Strategisk næringsplan for Buskerud: (Tiltaks-nummer refererer tiltaksplanen). Tiltak på regionalt nivå og fylkeskommunalt nivå vil kunne vera noko ulikt.

Strategi 1: Kommunikasjon

Tiltak 11: Prosjektmedarbeidar samferdsel. Her vil tiltak i strategisk næringsplan kunne vera meir direkte retta mot dei resultat ein ynskjer å oppnå.

Tiltak 30: Informasjonssenter

Strategi 2: Kompetanse

Tiltak 13: Hallingdal kompetansesenter med ulike forprosjekt

Tiltak 20: Prosjekt retta mot ungdom m.a. Distriktsaktiv skule

Tiltak 16: Strategigruppe for vidaregåande skular i Hallingdal

Strategi 3: Strategiske alliansar

Tiltak 7: Prosjekt trearbeids-industri.

Tiltak 2: Utvikle modell for næringspolitisk arbeid

Tiltak 45: Bjørneparken - senter for natur og villmarksopplevingar

Tiltak 46: Hallingparken

Tiltak 47: Vikøøyne

Tiltak 48: Geilosmiu

Tiltak 49: Utstillings- og aktivitetsområde i Ål